



## Kontrollutvalet i Eidfjord kommune

## Møteinkalling

**Utvalg:** Kontrollutvalet i Eidfjord kommune  
**Møtestad:** Kommunestyresalen, Kommunehuset  
**Dato:** 27.06.2019  
**Tidspunkt:** 09:00

Dersom nokon av medlemmene ikkje kan møte og må melde forfall, vert dei bedne om å gjere dette så tidleg som råd er ved å ringa til Kjartan Haugsnes tlf. 901 89542 eller til Hogne Haktorson, tlf. 911 05 982.

Til varamedlemar er denne innkallinga å sjå på som ei orientering.

Dersom det vert aktuelt at varamedlemar må møta, vil det bli gjeve nærmare beskjed.

Til dette møtet har Lars Kristian Eidnes meldt forfall.

Det er planlagt at Kjartan Haugsnes møter frå sekretariatet, på dette møtet.

Jostein Hovland  
kontrollutvalsleiar

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

Kjartan Haugsnes  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*

Kopi: Vararepresentantar til kontrollutvalet  
Ordførar  
Revisor  
Rådmann



## **Saksliste**

<b>Utvalgs- saksnr</b>	<b>Innhold</b>	<b>Lukket</b>	<b>Arkiv- saksnr</b>
PS 20/19	Godkjenning av innkalling og sakliste		
PS 21/19	Samanslåing av Indre Hordaland Revisjonsdistrikt og Nordhordland Revisjon IKS - uttale frå kontrollutvalet.		2016/43
PS 22/19	Eventuelt		

**PS 20/19 Godkjenning av innkalling og sakliste**



Arkivsak: 216  
Arkivnr: 2016/43-4  
Sakshandsamar: Kjartan Haugsnes

**Saksframlegg****Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Eid fjord kommune	21/19	27.06.2019

**Samanslåing av Indre Hordaland Revisjonsdistrikt og Nordhordland Revisjon IKS - uttale fra kontrollutvalet.****1. Bakgrunn:**

Ordførarane frå eigarkommunane i Nordhordland og Voss/Hardanger hadde eigarmøte i Bergen 3. januar 2019. Eigarmøtet gjorde vedtak om å greia ut ei samanslåing av dei to kommunale revisjonsselskapa i Hordaland til eit selskap. Det vart bestemt å sette ned ei arbeidsgruppe. I møta var målet for utgreiinga, selskapet sine utfordringar og sentrale problemstillingar for arbeidsgruppa drøfta. Arbeidsgruppa har hatt særleg fokus på dette i sitt arbeid.

Arbeidet er no ferdig og styra i Indre Hordaland Revisjonsdistrikt (IHR) og Nordhordland Revisjon IKS (NHR), legg med dette fram følgjande konklusjon og tilråding til eigarkommunane.

1. Det blir etablert eit nytt kommunalt revisjonsselskap med namn Vestlandsrevisjon IKS, med kontor i Knarvik og på Voss.
2. Selskapet vert organisert etter Lov om interkommunale selskap
3. Eigardel og ansvar blir fordelt mellom eigarane etter ein modell med to komponentar der 1/3 av eigardelen er fordelt likt mellom eigarane og 2/3 er vekta etter folketalet i kommunane.
4. Vestlandsrevisjon IKS vert valt til revisor for eigarkommunane, og eksisterande revisjonsoppdrag vert vidareført i det nye selskapet.
5. Honorar for tenester utført av Vestlandsrevisjon IKS legg til grunn ein grunnpris og ein avtalt fastprisdel for grunnpakke revisjon og forvaltningsrevisjon, der eit element av fastprisen tek omsyn til kommunane sin storleik. Tenester utover grunnpakka vert fakturert etter medgått tid.
6. Tilsette blir overført til nytt selskap etter reglane om verksemddsoverdraging i arbeidsmiljølova.
7. Vestlandsrevisjon IKS skal vere organisert i KS Bedrift og ha Pensjonsordning i KLP. Dette vidarefører dei tilsette sine rettar.
8. Pensjonsforpliktingar vert overført til det nye selskapet. For å sikra ei rimeleg, rett og rettferdig handsaming av forpliktingar, vert løpende pensjonskostnadene i dei avvikla selskapa dekkja av eigarane etter eigardel på avviklingstidspunktet.
9. Dei heileide dotterselskapa Nordhordland Revisjon AS og Vestlandsrevisjon AS vert fusjonert.

Besøksadresse: Agnes Mowinckelsgt. 5 - Postadresse: Postboks 7900. 5020 Bergen - Telefon 55 23 90 00

Mobil 90189542 - E-postadresse: [kjartan.haugnes@hfk.no](mailto:kjartan.haugnes@hfk.no) eller [kontrollutvalet@hfk.no](mailto:kontrollutvalet@hfk.no)

Bankgiro nr. 5201 06 74239 - Foretaksnr. NO 938 626 367 mva.

10. IHR og NHR IKS blir avvikla.

## **2. Drøfting:**

Sekretariatet er positivt til at IHR og NHR IKS skal slå seg saman til eit nytt kommunalt revisjonsselskap.

I utgreiingsdokumentet som er vedlagt saka kjem det fram at begge selskapa har ei samla omsetnad på om lag 9,1 mill.kr i 2018. Av dette utgjer omsetnaden frå eigarane om lag 90 % og omsetnad til eksterne om lag 10 %. Det nye selskapet vil bestå av 9 eigarkommunar mot i dag 13 eigarkommunar. Voss herad og og Ullensvang kommune vil samla ha ein eigarandel på om lag 50 % i selskapet.

I budsjettet for kontrollutvalet i Eidfjord kommune for 2017 og 2018 var det budsjettert med 443 500 kr og 455 891 kr til revisionstenester. Det er ikkje råd å lesa ut av utgreiinga kva kostnader den einskilte kommune vil få som årskostnad fom. 2020, anna enn at det er tatt utgangspunkt i dagens omsetnad for dei to selskapa, og at eigarkommunane totalt i 2018 vart fakturert for om lag 8,1 millionar kroner.

Det vert og ein tredeling av honoraret til kommunane med ein grunnpris som er lik for alle medlemane, og grunnpakke rekneskapsrevisjon (tek omsyn til innbyggartal) og grunnpakke forvaltningsrevisjon. Det kjem fram at avtale om grunnpakkane vert avtala særskilt med kvar kommune.

Utgreiing side 11:

«*Grunnpakke Revisjon» legger til grunn at kommunane har rett kvalitet på rekneskapen, har gode dokumenterte internkontroll og at leveransar til revisjonen er rettigidig.*

Her må kommunane merka seg kva som må vera på plass frå kommunen si side utan at det vert tilleggsfakturering. Kommunane bør gjerast kjent med når ein er over ei grense som gjev tilleggsfakturering, før det inntreff.

Utgreiing side 11:

«*Grunnpakke forvaltningsrevisjon» legger til grunn ein rapport i året på inntil 200 timer, kor ein kan bestilla større eller fleire prosjekt etter behov.*

Grunnsummen inkluderar inntil 200 timer forvaltningsrevisjon pr. år, medan ein forvaltningsrevisjon gjerne er på 350 timer. Timesats for tillegget på 150 timer i dette dømet, er ikkje kjent.

Kontrollutvalet bør og etterspørje om «eigarskapskontroll» ligg inne i «Grunnpakke forvaltningsrevisjon» og om timer som ikkje vert nytta til forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll eit år, automatisk vert overført til nytt år?

Sekretariatet registrerer av tilrådinga at opparbeida pensjonsforpliktingar frå dei to selskapa vert overført til det nye selskapet, og at løpende pensjonskostnadar i dei avvikla selskapet vert dekkja av eigarane etter eigardel på avviklingstidspunktet.

## **3. Konklusjon**

Sekretariatet er positiv til at det vert etablert eit nytt revisjonsselskap som etter sekretariatet si mening kan levere gode tenester til eigarkommunane. Utover usikkerheit knytt til framtidige kostnader for kommunen har ikkje sekretariatet merknader til saka.

## Forslag til innstilling

1. Kommunen teiknar ser som deltakar i Vestlandsrevisjon IKS med ein eigardel som foreslått i § 2 i utkast til selskapsavtale gjeldande fram til 31.12.2019.
2. Kommunestyret vedtek selskapsavtalen som gjeld frå stiftningstidspunktet og fram til 31.desember 2019
3. Kommunestyret i Radøy og Meland vedtek å tre ut av revisjonselskapet Vestlandsrevisjon IKS frå 31. desember 2019
4. Historisk pensjonsordning for tidlegare tilsette i Nordhordland Revisjon IKS og Indre Hordaland Revisjon §27 som vert avvikla er eigarkommunane sitt ansvar, men skal administreras av Vestlandsrevisjon IKS for tidlegare eigarar.
5. Kommunestyret vedtek selskapsavtale som gjeld frå og med 1. januar 2020 (eksklusiv Meland og Radøy kommune)
6. Kommunestyret vel representant med varamedlemmer til selskapet sitt representantskap. Valperioden vil vara fram til nytt kommunestyre er konsituert og har gjort nye val til representantskapet for selskapet.
7. Kommunestyret vedtek å avvikle selskapa NHR IKS og IHR etter at det nye selskapet er vedtatt stifta.

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

Kjartan Haugsnes  
spesialrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*

Vedlegg

- 1 Utgreiing samanslåing frå IHR
- 2 Orientering til kontrollutvala frå IHR
- 3 Spørsmål om endring av selskapsavtale

---

# **UTGREIING KRING SAMANSLÅING AV**

## **Indre Hordaland Revisjonsdistrikt OG**

## **Nordhordland Revisjon IKS**

---



**VESTLANDSREVISJON IKS**



## Innhaldsliste

1.	KONKLUSJON OG INNSTILLING.....	3
2.	BAKGRUNN .....	3
3.	MANDAT.....	4
3.1	Vedtak på eigarmøtet .....	4
3.2	Organisering av arbeidsgruppa.....	4
3.3	Arbeid og framdrift .....	4
4.	UTFORDRINGAR OG KRAV.....	5
4.1	Kommune og regionreform .....	6
4.2	Konkurransemessige utfordringar .....	6
4.3	Sterkare fagmiljø.....	6
4.4	Vurderingar i IHR og NHR IKS.....	7
5.	VAL AV SELSKAPSFORM.....	7
5.1	Aksjeselskap.....	7
5.2	Samvirkeføretak (SA) .....	7
5.3	§ 27-selskap / Kommunalt oppgåvefellesskap.....	8
5.4	Interkommunalt selskap (IKS) .....	8
5.5	Vurdering og tilråding .....	8
6.	EIGARSTRUKTUR.....	8
6.1	Eigarstyring og styre .....	8
6.2	Innskotsplikt.....	8
7.	FINANSIERINGSMODELL .....	10
7.1	Påverknad honorar .....	11
7.2	Selskapsforhold.....	13
7.3	Pensjonsordning og forpliktingar.....	13
8.	ORGANISERING OG LOKALISERING .....	15
8.1	Lokalisering .....	15
8.2	Arbeidsgjevar tilknyting .....	15
9.	SAMANSLÅING AV DEI TO AKSJESELSKAPA .....	15
9.1	Fusjon.....	15
10	SAKGANG.....	16
10.1	Kommunar utan samanslåing: .....	16
10.2	Kommunar som vert samanslått:.....	16
10.3	Kommunar som trer ut av ordninga: .....	16
11	TILRÅDINGAR FRÅ ARBEIDSGRUPPA OG FORSLAG TIL VEDTAK.....	17
11.1	Tilrådingar frå arbeidsgruppa .....	17
11.2	Forslag til vedtak.....	17
12	VEDLEGG: .....	18

## 1. KONKLUSJON OG INNSTILLING

Styra i Indre Hordaland Revisjonsdistrikt (IHR) og Nordhordland Revisjon IKS (NHR) legg med dette fram følgjande konklusjon og tilråding til eigarkommunane:

1. Det blir etablert eit nytt kommunalt revisjonsselskap med namn Vestlandsrevisjon IKS, med kontor i Knarvik og på Voss.
2. Selskapet vert organisert etter Lov om interkommunale selskap
3. Eigardel og ansvar blir fordelt mellom eigarane etter ein modell med to komponentar der 1/3 av eigardelen er fordelt likt mellom eigarane og 2/3 er vekta etter folketalet i kommunane.
4. Vestlandsrevisjon IKS vert valt til revisor for eigarkommunane, og eksisterande revisjonsoppdrag vert vidareført i det nye selskapet.
5. Honorar for tenester utført av Vestlandsrevisjon IKS legg til grunn ein grunnpris og ein avtalt fastprisdel for grunnpakke revisjon og forvaltningsrevisjon, der eit element av fastprisen tek omsyn til kommunane sin storleik. Tenester utover grunnpakka vert fakturert etter medgått tid.
6. Tilsette blir overført til nytt selskap etter reglane om verksemdsoverdraging i arbeidsmiljølova.
7. Vestlandsrevisjon IKS skal vere organisert i KS Bedrift og ha Pensjonsordning i KLP. Dette vidarefører dei tilsette sine rettar.
8. Pensjonsforpliktingar vert overført til det nye selskapet. For å sikra ei rimeleg, rett og rettferdig handsaming av forpliktingar, vert løpende pensjonskostnadene i dei avvikla selskapene dekka av eigarane etter eigardel på avviklingstidspunktet.
9. Dei heileigde dotterselskapa Nordhordland Revisjon AS og Vestlandsrevisjon AS vert fusjonert.
10. IHR og NHR IKS blir avvikla.

## 2. BAKGRUNN

Kommunesektoren endrar seg raskt med nye krav til tenesteproduksjon og teknologisk utvikling. Saman med endringar og auka konkurransen i bransjen, medfører dette auka krav til fagleg kompetanse og effektiv bruk av verktøy og metodikk i revisjonseiningane.

I Hordaland er det no to kommunale revisjonsselskap, IHR og NHR IKS. Desse selskapene har over tid hatt god kontakt og tett samarbeid. Begge selskapene blir påverka av kommunereforma og treng å utvikla seg for å møta nye utfordringar.

Ordførarane frå eigarkommunane i Nordhordland og Voss/Hardanger hadde eigarmøte i Bergen 3. januar 2019 der dei drøfta framtida for kommunal revisjon i Hordaland og korleis ein best kan sikra ein communal revisjon i eigenregi som har solid kompetanse, tilstrekkeleg kapasitet og leverer revisjonstenester med høg kvalitet og til konkurransedyktig pris til eigarkommunane.

Eigarmøtet gjorde vedtak om å greia ut ei samanslåing av dei to kommunale revisjonsselskapa i Hordaland til eit selskap.

### 3. MANDAT

#### 3.1 Vedtak på eigarmøtet

På eigarmøtet i Bergen 3. januar 2019 vart det gjort følgjande samrøystes vedtak.

1. *Eigarkommunane ynskjer at det blir utgreidd å samle IHR og NHR IKS til eit interkommunalt selskap.*
2. *Eigarane pålegg styra i IHR og NHR IKS å vera prosesseigarar i utgreiingsfasen. Styra i IHR og NHR IKS etablerer ei arbeidsgruppe som utarbeider prosessplan og utfører utgreiingsarbeidet.*
3. *Utgreiinga må konkretisera korleis ny organisering kan gi ei framtidssetta revisjonsverksemder effektivitet og fagleg kvalitet kan utviklast.*
4. *IHR og NHR IKS eig i dag kvart sitt aksjeselskap som er godkjend revisjonsselskap og kan levere rekneskap- og revisionstenester til verksemder som fylgjer rekneskapslova. Dette gir høve til betre ressursutnytting, styrker økonomien og verksemndene blir meir attraktive for arbeidssøkjrarar. Utgreiinga må syna korleis denne aktiviteten kan bli samordna og vidareført, til dømes gjennom felles fusjonert aksjeselskap.*
5. *Representantskapet i NHR IKS og ordførarane i IHR er referansegruppe for utgreiingsarbeidet.*
6. *NHR IKS og IHR rapporterer til referansegruppene innan 1. april 2019.*

#### 3.2 Organisering av arbeidsgruppa

Vedtaket i eigarmøtet 3.1.2019 har vore handsama i styra i dei to revisjonsselskapa. I møta vart målet for utgreiinga, selskapa sine utfordringar og sentrale problemstillingar for arbeidsgruppa drøfta. Arbeidsgruppa har hatt særleg fokus på dette i sitt arbeid.

Styra i dei to selskapa har sett ned følgjande arbeidsgruppe:

*Elin Bye (Revisjonssjef, dagleg leiar IHR)*

*Johannes Grønsdal (Styreleiar IHR)*

*Bjørg Djukastein (Styremedlem IHR)*

*Janne Eraker (Revisjonssjef, dagleg leiar NHR)*

*Lovisa Midtbø (Styreleiar NHR IKS)*

*Jorund Stellberg (Styreleiar NHR AS)*

#### 3.3 Arbeid og framdrift

Arbeidsgruppa har hatt sju møter, og på bakgrunn av desse er det utarbeidd ein intensjonsavtale for samanslåing av selskapa.

Intensjonsavtalen vart handsama i styra og samråystes vedteken i mars 2019. Ordførarane i eigarkommunane fekk avtalen tilsendt innan fristen 1. april 2019, og tilbakemeldingane har vore positive.

På bakgrunn av den vedtekne intensjonsavtalen har arbeidsgruppa greidd ut samanslåinga av selskapa og basert på denne gjort ei tilråding til eigarane om samanslåing av selskapa med framlegg til selskapsavtale. Utgreiinga med tilråding og framlegg til selskapsavtale er handsama og tilrådd av styra i begge selskapa. KS Bedrift har vore juridisk rådgjevar i prosessen og framlegget til selskapsavtale er kvalitetssikra juridisk av dei.

Styra og arbeidsgruppa har hatt fokus på å involvere dei tilsette i prosessen. Dei tilsette har vore orientert og fått høve til å kome med innspel og merknadar til utgreiinga. Både prosess og mål er godt forankra hjå dei tilsette og arbeidsgruppa opplever dei tilsette som positive til prosessen. Fokuset på å involvere dei tilsette vil halde fram. Dei rettar dei tilsette har i prosessen etter lov og avtaleverk vil bli varetatt vidare.

#### 4. UTFORDRINGAR OG KRAV

	<b>Indre Hordaland Revisjondistrikt</b>	<b>Nordhordland Revisjon IKS</b>
Selskapsform	Kommunelov § 27	IKS
Organisasjonsnummer	971 543 124	971 361 433
Tal på deltakarar (pr. 2019)	6	7
Tal på styremedlemmar	7+1 (2) tilsettrepresentant	5
Kontorstad	Voss	Knarvik
Tal tilsette	5	4
Tal årsverk	4,4	4
Omsetnad 2018 (eks. momskomp)	4 195 246	4 903 384
> herav omsetnad frå eigarar	3 674 312 (87,58%)	4 481 352 (91,39%)
> herav ekstern omsetnad	520 933 (12,42%)	422 032 (8,61%)
Rekneskapsprinsipp	Rekneskapslov små foretak	Reglane i kommunelov, forskrifter og GKRS
Eigenkapital utan pensjonsforpliktingar	3 154 255	3 271 897
Pensjonsforpliktingar	2 249 411	1 881 092
Reell eigenkapital når pensjonsforplikting er trekt ut	904 844	1 390 805

Bakrunnen for at begge selskapa no meiner det er fornuftig å vurdera ei samanslåing med andre selskap, er i hovudsak desse:


- Endringar i kommunestrukturen
- Utviklinga innan communal revisjon i Hordaland, og i resten av landet
- Sterkare fagmiljø

#### 4.1 Kommune og regionreform

Kommune- og regionreforma har som mål å etablera større og meir robuste kommunar. Det er planlagt fleire samanslåingar i Nordhordland og Indre Hordaland. Dette endrar rammevilkåra for begge våre selskap, og krev at selskapa endrar og utviklar seg for å møta nye krav. Endringane i kommunestrukturen medfører færre kommunar, og revisjonen må tilpassast og organiserast slik at ein har kompetanse, kvalitet og berekraft til å vera totalleverandør av revisjonstenester til eigarane.

#### 4.2 Konkurransemessige utfordringar

Kommunal revisjon har dei siste åra opplevd stadig auka konkurransen frå private aktørar. Denne konkurransen er påverka av at grensene for revisjonsplikt for private firma vart heva. Hordaland er særleg sterkt påverka av denne utviklinga. Eit fleirtal av kommunane i Hordaland har no private revisjonstenester og dette har vore aukande. (Jf. figur under). Utviklinga samsvarar ikkje med resten av landet, da dei øvrige fylka har ei klar overvekt av kommunal revisjon.



#### 4.3 Sterkare fagmiljø

Det er særleg viktig å sikra at revisjonen til ei kvar tid kan levera det kommunane treng. Vurderingane vi har gjennomført, viser at dei endra rammevilkåra revisjonsselskapa får som følgje av kommunesamanslåing påverkar begge selskapa negativt på dette området. Selskapa er små og er såleis sårbare ved sjukdom, permisjonar og avgangar.

Det er avgjerande for selskapa å ha tilsette med rett fagkunnskap, både innanfor reknesaksrevisjon og forvaltningsrevisjon. Eit større fagmiljø gjer at fleire kan utvikla den spesialkompetansen som kommunane spør etter.

Både auka konkurranse og stram kommuneøkonomi gjer at eigarane forventar at selskapet har konkurransedyktige prisar. I ei større eining har ein og fleire å spela på slik at arbeidet kan organiserast enda meir effektivt.

#### 4.4 Vurderingar i IHR og NHR IKS

IHR og NHR IKS har over tid hatt eit tett samarbeid. Einingane kjenner kvarandre godt, og dei tilsette har vore positive til ei samanslåing. Ved vakanse og sjukdom har ein inngått samarbeidsavtalar, og dette har vore gode løysingar for begge partar.

Både leveringstryggleik og økonomisk berekraft kan bli vesentleg styrka ved ei samanslåing. Eit samanslått selskap vil også stå sterke og ha betre føresetnader for å etablera samarbeid med andre kommunale revisjonsselskap. Ei samanslåing vil gje høve til å utvikla meir spesialkompetanse og høgare effektivitet.

### 5. VAL AV SELSKAPSFORM

Etter gjennomføring av kommunereforma, vil eit framtidig selskap, Vestlandsrevisjon IKS, få ni kommunar som eigarar. Dei to revisjonsselskapa er i dag ulikt organisert. NHR IKS er eit interkommunalt selskap, medan IHR er organisert som eit §27-selskap. Spørsmålet om kva selskapsform som er ønskjeleg må avklarast.

Arbeidsgruppa har drøfta og vurdert fire alternativ som vert omtala under.

#### 5.1 Aksjeselskap

Blir regulert etter Lov om aksjeselskap. Aksjeeigarane må skyta inn aksjekapital ved oppstarten av selskapet. Eigardelane skiftar eigar ved sal av aksjar. Arbeidsgruppa vurderer denne organisasjonsforma som lite tenleg for eit kommunalt revisjonsselskap, særleg fordi det blir så lite fleksibelt dersom ein kommune skal koma inn eller gå ut av selskapet.

#### 5.2 Samvirkeføretak (SA)

Samvirkeføretak blir oppretta etter reglane i Lov om samvirkeforetak. Eigarane av eit samvirkeforetak er medlemmene i føretaket. Denne selskapsforma har vore lite nytta i kommunesektoren, men har vore mykje omtalt i samband med at eit kommunalt revisjonsselskap har valt denne selskapsforma. Dette er Revisjon Midt-Norge med 44 medlemmer, etablert i 2018. Denne selskapsforma er fleksibel og passar godt der det er mange medlemmer. Arbeidsgruppa vurderer at ei slik organisering er uaktuell for vårt selskap på grunn av storleiken.

### 5.3 § 27-selskap / Kommunalt oppgåvefellesskap

IHR er i dag organisert som eit §27-selskap. Denne selskapsforma skal vidareførast med visse endringar etter den nye kommunelova. Nemninga blir då «Kommunalt oppgåvefellesskap.» Ny kommunelov medfører at selskapsforma vil liggja nær opp til IKS når det gjeld krav til eigarorgan og eigaransvar for selskapet sine forpliktingar.

### 5.4 Interkommunalt selskap (IKS)

NHR er organisert som eit IKS i dag. Denne selskapsforma er regulert av Lov om interkommunale selskap. IKS har eit detaljert juridisk rammeverk og er ei mykje nytta selskapsform som kommunane kjenner godt.

### 5.5 Vurdering og tilråding

Arbeidsgruppa har vurdert val av selskapsform. Vi har henta erfaringar frå andre revisjonsselskap som arbeider med samanslåing og fått råd og rettleiing frå KS Bedrift. Vår tilråding er å etablera eit nytt IKS-selskap. Vår vurdering er at IKS er ei god og velprøvd løysing for kommunale selskap som ikkje driv kommersiell verksemd. For eit IKS er det området som krev særskild merksemrd når det gjeld økonomisk forplikting og fordeling dersom ein kommune går ut, pensjonsområdet. Dette har arbeidsgruppa greidd ut under punkt 7.3 PENSJONSORDNING OG FORPLIKTING. Prinsippa ein har kome fram til der er innarbeidde i selskapsavtalen. Det er utarbeidd framlegg til selskapsavtaler. Desse er gjennomgått og kvalitetssikra av juridisk i KS Bedrift.

## 6. EIGARSTRUKTUR

### 6.1 Eigarstyring og styre

Representantskapet består av ein representant frå kvar av eigarkommunane. Representantane sine stemmer vert vekta ut i frå eigardel i selskapet. Representantane bør minst ha ein personleg vara for å sikre ein smidig eigarutøving.

Selskapsavtalen legg til grunn eit styre med 5 medlemmar og representant frå tilsette.

Framlegget om styret sin storleik er basert på erfaring frå NHR IKS og IHR sine styre. Styret har ein tilstrekkeleg storleik til å gi breidde i både kompetanse og representasjon basert på geografi og kommunestorleik.

### 6.2 Innskotsplikt

Det er ikkje innskotplikt ved stifting av eit IKS. NHR IKS og IHR har ikkje innskotsplikt i eksisterande selskap og ynskjer å vidareføre låg terskel for deltaking i selskapet.

Opptent eigenkapital i dagens selskap vert tilført nytt selskap i sin heilskap som kapitalinnskot. Rekneskapmessig vert dette handsama som anna innskote eigenkapital og ikkje som selskapskapital.

Eigarane sin ansvarsdeling legg til grunn følgjande modell:

- Ein fastkomponent kor  $1/3$  av eigardelane vert delt likt mellom deltagarane, mens dei resterande  $2/3$  vert fordelt etter folketal.

Ansvarsdelen blir justert kvart fjerde år, og elles ved naturlege endringar som opptak og utmeldingar i selskapet.

Det vil gje følgjande eigar og ansvarsdel i selskapet:

<b>Eigardel fram til 31.12.2019</b>	
Voss kommune	20,37 %
Meland kommune	12,54 %
Osterøy kommune	12,46 %
Odda kommune	10,79 %
Radøy kommune	8,77 %
Ullensvang herad	6,61 %
Austrheim kommune	6,08 %
Masfjorden kommune	4,65 %
Ulvik herad	3,90 %
Jondal kommune	3,89 %
Eid fjord kommune	3,67 %
Fedje kommune	3,25 %
Modalen kommune	3,03 %

<b>Eigardel frå og med 01.01.2020</b>	
Voss herad	28,17 %
Ullensvang kommune	21,26 %
Osterøy kommune	16,48 %
Austrheim kommune	8,25 %
Masfjorden kommune	6,40 %
Ulvik herad	5,42 %
Eid fjord kommune	5,13 %
Fedje kommune	4,59 %
Modalen kommune	4,30 %

## 7. FINANSIERINGSMODELL

Arbeidsgruppa legg til grunn at det nye selskapet som vert etablert, må gå aktivt inn for å sikra eit sterkare driftsgrunnlag. Dette kan skje ved å auka kundemassen. I framlegget til selskapsavtale er det lagt inn at selskapet skal vera ope for å ta inn nye kommunar.

Kundegrunnlaget kan også aukast ved å konkurrera i marknaden. I utarbeiding av modell for prising av tenester til kommunane er det derfor lagt særleg vekt på at prismodellen som blir valt er mest mogleg lik modellar som blir nytta i marknaden, og som tek omsyn til at revisjonstenester skal dekka kvalitet- og dokumentasjonskrav etter internasjonale revisjonsstandardar.

Modellen byggjer på tre element:

- 1) Grunnpris (lik for alle medlemmer)

2) Grunnpakke forvaltningsrevisjon (lik for alle medlemmer)

3) Grunnpakke revisjon (tek omsyn til innbyggjartal)

Tenester og revisjonar som går utover det som er avtalt innanfor grunnpakka vert utført etter bestilling for ein fast timepris og fakturert etter medgått tid.

Det vert inngått eigne avtalar med andre kommunale verksemder, kyrkjelege fellesråd, stiftingar og andre, som vert fakturert direkte etter medgått tid.

Modellen legg til grunn at kommunane leverer rekneskap med ein avtalt og forventa kvalitet og til rett tid.

Det vert presisert at prismodellen ikkje er knytt opp til ansvarsdelinga.

Revisjonen er pålagt å følgje «internasjonale standardar for kvalitetskontroll, revisjon, forenklet revisorkontroll, andre attestasjonsoppdrag og beslektede tjenester» utarbeida av IAASB<sup>1</sup>. Standardane stiller krav til korleis revisjonen skal planleggast, gjennomførast, dokumenterast og kommuniserast. Store delar av pålagt revisjon er ikkje knytt opp til storleiken på kommunane, men kompleksiteten i deira lovpålagte tenester og regelverk. «Grunnpakke Revisjon» legger til grunn at kommunane har rett kvalitet på rekneskapen, har gode dokumenterte internkontroll og at leveransar til revisjonen er rettigdig. «Grunnpakke forvaltningsrevisjon» legger til grunn ein rapport i året på inntil 200 timer, kor ein kan bestilla større eller fleire prosjekt etter behov. Her og legg ein til grunn at kommunane følger opp bestillingane frå kontrollutvalet og bidrar til effektiv gjennomføring av forvaltningsrevisjonen. Innhaldet i grunnpakkane vert avtala særskilt med kvar kommune.

## 7.1 Påverknad honorar

Prismodellen og det faktum at det ikkje er innskotsplikt eller historiske pensjonsforpliktingar i det nyetablerte selskapet som vert lagt til eigardelane, dannar eit godt grunnlag for å kunne oppta fleire deltakarer i selskapet. Samstundes som vi ser det er viktig å opne opp for, og invitere inn andre kommunar, vil det bli arbeida for å få andre oppdrag i marknaden, blant anna kommunaleigde aksjeselskap og private selskap.


Ved å motivera kommunane til å redusera sine kostnadar ved å effektivisere og ha fokus på eigen internkontroll, kompetanse og dokumentasjon av rekneskapen, fører dette til at kommunane i stor grad kan påverka eigne prisar. Dagens prising tek ikkje omsyn til at det er store skilnader mellom kommunane i levert kvalitet i utført internkontroll og rekneskapsarbeid.

Ved å effektivisere ressursbruk og auka oppdragsmengda innan andre kommunale oppdrag og eksterne oppdrag, vil dette også bidra til å redusera kommunen sine samla utgifter.

---

<sup>1</sup> International Assurance and Auditing Standards Board (IAASB)

Tabellen under syner kommunar i Noreg med inntil 10 000 innbyggjarar og deira registrerte kostnad på kontrollfunksjonen rapportert til SSB gjennom Kostra-tall for året 2018. Tala inneholder kostnader knytt til kontrollutval, revisjon og sekretariat.



## 7.2 Selskapsforhold

Tabellen under syner enkelte tal frå rekneskapen pr. 31.12.2018. Heile rekneskapen ligg ved dokumentet.

<b>31.12.2018</b>	<b>Indre Hordaland Revisjonsdistrikt</b>	<b>Nordhordland Revisjon IKS</b>
<b>Driftsrekneskap</b>		
Driftsinntekter	4 395 387	5 526 780
Lønskostnadar	2 999 698	4 094 051
Andre driftsutgifter	1 296 220	1 689 202
Årsresultat	75 556	-295 757
<b>Balanse</b>		
Anleggsmidlar	586 351	755 821
Omløpsmidlar	3 208 838	3 214 163
herav bankinnskot	2 384 028	1 672 344
Sum eigendelar	3 795 189	3 969 984
Eigenkapital	3 154 255	3 271 897

## 7.3 Pensjonsordning og forpliktingar

Revisjonsselskapa har ikkje gjeld. Dei største økonomiske forpliktingane selskapa har, er pensjonsrettane til tidlegare og noverande tilsette.

NHR IKS og IHR har i dag kommunal pensjonsordning i KLP basert på ytingar. Ved samanslåing av NHR IKS og IHR må kommunane ta stilling til korleis ein ynskjer å dekka inn dei pensjonskostnadene som selskapa har pr 01.01.2020 til noverande og tidlegare tilsette.

Eigarkommunane heftar i dag for pensjonsforpliktingar i same storleik som sin eigardel i dei respektive selskapa. Hovudregelen er at tidlegare arbeidsgjevar som heftar for opptente pensjonsrettar, også har ansvaret for å betala framtidig reguleringspremie jfr Overføringsavtalen. Når kommunane stiftar eit nytt selskap som skal overta verksemda NHR IKS og IHR hadde før, vil ansvaret for å innfri desse kostnadene bli overført til det nye selskapet med mindre dei vert gjort opp.

Dersom ein skal gjera opp desse kostnadene er regelverket slik:

For kommunar og verksemder som er tilslutta KLP og har forplikta seg på avtalen om overføring og samordning av pensjonsrettar («overføringsavtalen»), skal det krevjast ein eingongspremie for forventa framtidig tilleggspremie (§9, 3 ledd) til sikringsordninga. Dette skal dekka framtidige G-reguleringar, mogleg uttak av pensjon etter 85 års regelen, AFP frå 65 år eller andre moglege utslag av regelverket for offentlege tenestepensjonar under overføringsavtalen. Eingongspremien inneheld også eit forsikringselement fordi Pensjonskontoret ikkje tar risikoen for hendingar og endringar i som kan auka kostnadene i framtida. Derfor er kostnaden etter prinsippa i sikringsordninga høgare enn dei rekneskapstekniske utrekningane.

KLP har rekna på eingongspremien i dei to selskapa til sikringsordninga ved ei eventuell avvikling:

<b>Kalkulert eingongspremie ved eventuell avvikling</b>	<b>Totalt pr. april 2018</b>
Nordhordland IKS	5 404 858
Indre Hordaland Revisjonsdistrikt	6 266 412

Dersom denne løysinga skulle bli vald, er det ein føresetnad at eigarkommunane innfrir sin del av desse kostnadene. Korkje NHR IKS eller IHR har eigenkapital som kan innfri ein premie av denne storleiken. Men begge selskapa har ein storleik på eigenkapitalen som er tilstrekkeleg for å ha tilgjengeleg driftskapital i eit samanslått/nytt selskap. Dette gjer det mogleg å slå desse selskapa saman til eit nytt selskap utan kapitalinnskot frå eigarkommunane.

Arbeidsgruppa har henta inn opplysningar frå KLP, KS Bedrift og frå andre revisjonsselskap som arbeider med tilsvarande prosesser med samanslåing av sine selskap. Vi legg til grunn at medlemskapet i KLP vert vidareført i det nye selskapet og at forpliktingane for dei tilsette vert overført til det nye selskapet.

Vi har særleg festa oss ved løysinga som er vald av dei to selskapa som no står framfor samanslåing i Telemark og Vestfold. Etter dette meiner arbeidsgruppa at pensjonsutfordringa bør handsamast etter følgjande prinsipp:

1. Alle pensjonsutgifter for tilsette i nytt selskap er selskapet sitt ansvar i tråd med Lov om interkommunale selskap.
2. Alle pensjonsutgifter for neverande og tidlegare tilsette på avviklingstidspunktet for NHR IKS og IHR er dei respektive eigarkommunane sitt ansvar.

For å sikra at ansvaret for desse forpliktingane vert fordelt rettferdig, og faktisk blir dekka av dei som var eigarar av dei tidlegare revisjonsselskapa jf. samanslåing og utmelding i samband med kommunereforma, tilrår arbeidsgruppa at det vert gjort følgjande avtale:

Når ein kommune går ut av selskapet skal ansvaret for å innfri pensjonsrettane til dei tilsette dekkast etter følgjande prinsipp:

1. Pensjonsforpliktingar for tilsette i selskapet blir fordelt mellom eigarane basert på eigardelen i selskapet.
2. Alle utrekningar skal gjerast av KLP på grunnlag av prinsipp nytta av Pensjonskontoret i «Overføringsavtalens sikringsordning»
3. Pensjonsforpliktingar for avtalte og gjeldande pensjonar i selskapet for dei som er tilsett i selskapet ved etableringstidspunktet 1. januar 2020 blir basert på eigardelane i selskapet.
4. Pensjonsforpliktingar for avtalte og gjeldande pensjonar som er overført frå dei

tidlegare einingane Indre Hordaland Revisjonsdistrikt (org.nr. 971 361 433) Nordhordland Revisjonsdistrikt (org.nr. 971 543 124) skal fordelast og fakturerast deltarane i NHR og IHR basert på eigardelane i desse selskapa på avviklingstidspunktet.

Ved endringar i pensjonslovgjeving eller pensjonsordningar skal desse prinsippa framleis gjelda for eigarane i selskapet.

Handsaming av pensjonsforpliktingane som skissert over i punkt 3 er med tanke på å sikre at eigarkommunane dekker sin del av forpliktinga ved utmelding, utan at ein risikerer at gjenværande kommunar i realiteten sitt att med større pensjonsansvar enn eigardelen skulle tilsei.

Styret tilrår å vidareføra avtalane hjå KLP i det nye selskapet med kostnadsdekking som skissert over, då dette vil vera den rimelegaste løysinga for alle eigarkommunane på kort og lang sikt jf. tilbakemelding frå KLP.

## 8. ORGANISERING OG LOKALISERING

### 8.1 Lokalisering

Revisjonsselskapa representerer viktig kompetansearbeidsplassar i distrikta. Det er eit mål for arbeidsgruppa og styra i dei to selskapa at eit nytt selskap framleis skal vera lokalisert slik at ein sikrar nærleik og kan vera tilgjengeleg for eigarane. Det er også viktig å vera nær den lokale marknaden for kundar som kjøper tenester frå aksjeselskapa. Det er tenleg for selskapet å halda på noverande kontorstader. Ein tilrår at selskapet skal vera lokalisert i Knarvik og på Voss. Hovudkontoret er ved det kontoret som revisionssjefen til ein kvar tid er plassert.

### 8.2 Arbeidsgjevartilknyting

Begge selskapa har personalpolitikk i tråd med lov og avtaleverk for offentleg sektor og har sine pensjonsforpliktingar i KLP. Som kommunalt eigd selskap er det naturleg at selskapet held fram som medlem i KS Bedrift. Dei tilsette beheld då sine eksisterande rettar.

## 9. SAMANSLÅING AV DEI TO AKSJESELSKAPA

### 9.1 Fusjon

Revisjonsselskapa, NHR IKS og IHR, har etablert heileigde datterselskap, organisert som aksjeselskap. IKS-lova har grenser for å kunne levere omfanget og breidda av revisionstenester, og med det tilsvarande avgrensa oppgåver som selskapet kan tilby dei tilsette.

IKS-selskapet har svært høg og spesialisert kompetanse, og gjennom driftsavtale med datterselskapet, vil IKS-selskapet sin samla kompetanse og kapasitet bli nytta effektivt. Full breidde av leveransar av revisjonstenester vil vere særslig attraktivt ved rekruttering, og vil vere også nødvendig for å halda på dagens kompetanse.

Både IKS-selskapa og aksjeselskapa er heilt avhengig av dei tilsette sine personlege autorisasjonar, og må tilsvarende kunne tilby oppgåver og løn som svarer opp desse autorisasjonane.

Inntening i aksjeselskapet vil bidra til å halde revisjonshonorar til eigarkommunane nede.

Tilrådinga er at dei 2 aksjeselskapa vert fusjonert, og vil gje Vestlandsrevisjon IKS moglegheit for leveransar i full bredde innan revisjonsfaget.

## 10 SAKSGANG

Arbeidsgruppa har utarbeidd saksutgreiing og selskapsavtalar og orientert i kommunestyra og kontrollutval. Det er ulik saksgong i kommunane.

### 10.1 Kommunar utan samanslåing:

Vidarefører sin revisjon i nytt selskap ved stifting av selskapet, kontrollutvalet treng ikkje å gi innstilling men har saka oppe til orientering.

### 10.2 Kommunar som vert samanslått:

Nytt selskap vert stifta av eigarkommunane før samanslåing, KU gir innstilling til fellesnemnda om å vidareføre revisjonen i ny kommune. Fellesnemnda gjer vedtak på å vidareføre Vestlandsrevisjon IKS som revisor for ny kommune.

### 10.3 Kommunar som trer ut av ordninga:

Kommunane deltek i stiftinga av det nye selskapet. Selskapsavtalen gjeld for dei fram til 31.12.2019.

## 11 TILRÅDINGAR FRÅ ARBEIDSGRUPPA OG FORSLAG TIL VEDTAK

### 11.1 Tilrådingar frå arbeidsgruppa

Styra i Indre Hordaland Revisjonsdistrikt (IHR) og Nordhordland Revisjon IKS (NHR) legg med dette fram følgjande konklusjon og tilråding til eigarkommunane:

1. Det blir etablert eit nytt kommunalt revisjonsselskap med namn Vestlandsrevisjon IKS, med kontor i Knarvik og på Voss.
2. Selskapet vert organisert etter Lov om interkommunale selskap.
3. Eigardel og ansvar blir fordelt mellom eigarane etter ein modell med to komponentar der 1/3 av eigardelen er fordelt likt mellom eigarane og 2/3 er vekta etter folketalet i kommunane.
4. Vestlandsrevisjon IKS vert valt til revisor for eigarkommunane, og eksisterande revisjonsoppdrag vert vidareført i det nye selskapet.
5. Honorar for tenester utført av Vestlandsrevisjon IKS legg til grunn ein grunnpris og ein avtalt fastprisdel for grunnpakke revisjon og forvaltningsrevisjon, der eit element av fastprisen tek omsyn til kommunane sin storleik. Tenester utover grunnpakka vert fakturert etter medgått tid.
6. Tilsette blir overført til nytt selskap etter reglane om verksemdsoverdraging i arbeidsmiljølova.
7. Vestlandsrevisjon IKS skal vere organisert i KS Bedrift og ha Pensjonsordning i KLP. Dette vidarefører dei tilsette sine rettar.
8. Pensjonsforpliktingar vert overført til det nye selskapet. For å sikra ei rimeleg, rett og rettferdig handsaming av forpliktingar, vert løpende pensjonskostnadene i dei avvikla selskapa dekka av eigarane etter eigardel på avviklingstidspunktet.
9. Dei heileigde dotterselskapa Nordhordland Revisjon AS og Vestlandsrevisjon AS vert fusjonert.
10. IHR og NHR IKS blir avvikla.

### 11.2 Forslag til vedtak

Kommunane i Indre Hordaland Revisjonsdistrikt og Nordhordland Revisjon IKS vert invitert til å fatta følgjande vedtak:

1. Kommunen teiknar seg som deltakar i Vestlandsrevisjon IKS med ein eigardel som foreslått i § 2 i utkast til selskapsavtale gjeldande fram til 31.12.2019.
2. Kommunestyret vedtek selskapsavtalen som gjeld frå stiftingstidspunktet og fram til 31. desember 2019.
3. Kommunestyret i Radøy og Meland vedtek å tre ut av revisjonsselskapet Vestlandsrevisjon IKS frå 31. desember 2019.
4. Historisk pensjonsordning for tidlegare tilsette i Nordhordland Revisjon IKS og Indre Hordaland Revisjonsdistrikt §27 som vert avvikla er eigarkommunane sitt ansvar, men skal administrerast av Vestlandsrevisjon IKS for tidlegare eigarar.
5. Kommunestyret vedtek selskapsavtale som gjeld frå og med 1. januar 2020 (eksklusiv Meland og Radøy kommune).

6. Kommunestyret vel representant med varamedlemmer til selskapet sitt representantskap. Valperioden vil vara fram til nytt kommunestyre er konstituert og har gjort nye val til representantskapet for selskapet.
7. Kommunestyret vedtek å avvikle selskapa NHR IKS og IHR etter at det nye selskapet er vedtatt stifta.

## 12 VEDLEGG:

Vedlegg 1. Rekneskap NHR IKS 2018

Vedlegg 2. Rekneskap IHR 2018

Vedlegg 3. Selskapsavtale Vestlandsrevisjon IKS fram til 31.12.2019

Vedlegg 4. Selskapsavtale Vestlandsrevisjon IKS frå 1.1.2020

# **Årsrekneskap**

**2018**

**Nordhordland Revisjon Iks**

**Org.nr.:971 361 433**

# Nordhordland Revisjon IKS

## Styret si årsmelding 2018

### Type verksemd og lokalisering

Nordhordland Revisjon IKS leverer revisjonstjenester til 7 kommunar i Nordhordland. Selskapet har kontor i Kvarvik. Formål til selskapet er å levere tenester innan rekneskapsrevisjon og forvaltningsrevisjon til eigarkommunane i samsvar med kommunelova. Etter selskapsavtalen er det og høve til å utføre revisjon og rådgjeving for andre verksemder.

### Rekneskapsmessig resultat

Rekneskapen viser eit meirforbruk på kr 295 757 og eit netto driftsresultat på kr - 251 684.

Styret meiner at årsrekneskapen gir eit rettsvisande bilet av selskapets eigendalar og gjeld, finansielle stilling og resultat.

### Utvikling

Selskapet prioriterer kompetanseutvikling. Dette omfattar formell utdanning og enkeltståande kursdeltaking. Vi ynskjer også at våre eigalar og kundar skal dra nytte av kunnskapsbygging og arrangerer difor fagdagar, samt arbeider aktivt med elektroniske løysingar innafor økonomistyring. Selskapet er medeigar i Nordhordland Revisjon AS som vart etablert i 2010, og er godkjent av Finanstilsynet som revisjons- og rekneskapsførarselskap. Dette selskapet bidreg positivt til fagleg og økonomisk utvikling i Nordhordland Revisjon IKS.

### Fortsatt drift

Godkjent økonomiplan for perioden 2018-2021 viser ein årleg inntektsauke på 3 %. Rekneskapen er sett opp under føresetnad om at drifta held fram. Styret er positiv til å samle communal revisjon i større einingar og arbeider aktivt for ei slik utvikling.

### Arbeidsmiljø

Styret vurderer arbeidsmiljøet som godt. Tiltak blir sett i verk ved behov.

### Likestilling og etikk

Selskapet hadde 2 kvinner og 1 mann tilsett pr. 31.12.2018. Av styret på 5 medlemmer er 3 kvinner. Det er ikkje planlagt særlege likestillingstiltak. Etikk blir følgd opp gjennom revisjonsmetodikk.


### Ytre miljø


Selskapet si verksemd påverkar ikkje det ytre miljø.

### Årsrekneskapen og resultatdisponering


Etter styret si mening gir økonomisk oversikt og balanse med notar uttrykk for verksemda sitt netto driftsresultat og meirforbruk i 2018 og den økonomiske stillinga ved årsskiftet. Det er ingen forhold etter årsskiftet som verkar inn på vurderinga av rekneskapen for 2018.

Istdalstø, 6. mai 2019


  
Lovisa Midtbø  
Lejar

  
Magne Røsgård  
Nestleiar

  
Olav Steinar Namtvædt  
Styremedlem

  
Vilgerd Storset Husa  
Styremedlem

  
Astrid Margrethe Marta Riple Adland  
Styremedlem

  
Janne Eraker  
Revisjonssjef

## Nordhordland Revisjon IKS

		Rekneskap	Budsjett	Rekneskap
ØKONOMISK OVERSIKT DRIFT				
Inntekter	Note	2018	2018	2017
Honorar og andre driftsinntekter		4 903 384	4 907 340	4 754 067
Mva komp og sykelønn		623 396	120 000	130 881
<b>Sum driftsinntekter</b>	<b>2</b>	<b>5 526 780</b>	<b>5 027 340</b>	<b>4 884 948</b>
 Lønnsutgifter	 3	 -3 035 645	 -2 827 000	 -2 675 983
Sosiale utgifter	3, 4	-1 058 406	-1 244 088	-965 808
Kjøp av varer og tenester	3	-1 412 148	-798 000	-756 900
Mva på innkjøp		-277 054	-120 000	-130 881
<b>Sum driftsutgifter</b>	<b>2</b>	<b>-5 783 253</b>	<b>-4 989 088</b>	<b>-4 529 571</b>
 <b>Brutto driftsresultat</b>		 <b>-256 473</b>	 <b>38 252</b>	 <b>355 377</b>
 <b>Finansinntekter og finansutgifter</b>				
Renteinntekter	2	4 789	5 000	4 590
<b>Netto finansinntekter/-utgifter</b>		<b>4 789</b>	<b>5 000</b>	<b>4 590</b>
 <b>Netto driftsresultat</b>		 <b>-251 684</b>	 <b>43 252</b>	 <b>359 967</b>
 <b>Interne finansieringstransaksjoner:</b>				
Bruk av udisponert fra tidligere år	7	391 506	0	408 791
Bruk av disposisjonsfond	7	0	0	74 000
<b>Sum bruk av avsetninger</b>		<b>391 506</b>	<b>0</b>	<b>482 791</b>
 Overført til investeringsregnskapet	2	 -44 073	 -43 000	 -42 461
Avsatt til disposisjonsfond	7	-391 506	0	-408 791
<b>Sum avsetninger</b>		<b>-435 579</b>	<b>-43 000</b>	<b>-451 252</b>
 <b>Mindreforbruk (+) / Meirforbruk (-)</b>		 <b>-295 757</b>	 <b>252</b>	 <b>391 506</b>

## Nordhordland Revisjon IKS

### ØKONOMISK OVERSIKT INVESTERING

Finansieringsbehov	Note	Rekneskap 2018	Budsjett 2018	Rekneskap 2017
Kjøp av aksjer og andeler	4	-44 073	0	-42 461
<b>Sum finans og investeringstransaksjoner</b>		<b>-44 073</b>	<b>0</b>	<b>-42 461</b>
<b>Finansiert slik:</b>				
Overført fra driftsrekneskapet		44 073	0	42 461
<b>Sum finansiering</b>		<b>44 073</b>	<b>0</b>	<b>42 461</b>

## Nordhordland Revisjon IKS

### ØKONOMISK OVERSIKT BALANSE

Eiendeler	Note	2018	2017
<b>Anleggsmidler</b>			
Aksjer Nordhordland Revisjon AS	8	97 000	97 000
Egenkapitalinnskudd KLP	4	658 821	614 748
<b>Sum anleggsmidler</b>		<b>755 821</b>	<b>711 748</b>

# Nordhordland Revisjon IKS

	Note	2018	2017
<b>Omløpsmidler</b>			
Kortsiktige fordringer	5	1 541 819	802 900
Bankinnskudd, kontanter o.l.	6	1 672 344	2 604 533
<b>Sum omløpsmidler</b>	<b>2</b>	<b>3 214 163</b>	<b>3 407 433</b>
<b>Sum eiendeler</b>		<b>3 969 984</b>	<b>4 119 181</b>
<b>Egenkapital og gjeld</b>			
<b>Egenkapital</b>			
Disposisjonsfond	7	1 004 929	1 004 929
Disposisjonsfond lønn og pensjon	7	1 806 904	1 415 398
Udisponert mindreforbruk (overskudd)	7	0	391 506
Regnskapsmessig meirforbruk (Uinndekket underskudd)		-295 757	0
Kapitalkonto	7	755 821	711 748
<b>Sum egenkapital</b>	<b>1</b>	<b>3 271 897</b>	<b>3 523 581</b>
<b>Gjeld</b>			
<b>Kortsiktig gjeld</b>			
Annen kortsiktig gjeld		698 086	595 599
<b>Sum kortsiktig gjeld</b>	<b>2</b>	<b>698 086</b>	<b>595 599</b>
<b>Sum gjeld</b>		<b>698 086</b>	<b>595 599</b>
<b>Sum egenkapital og gjeld</b>		<b>3 969 983</b>	<b>4 119 181</b>

Isdalstø, 06.05.2019  
Styret i Nordhordland Revisjon Iks

Lovisa Midtbø  
Lovisa Oddny Midtbø  
styreleder

Magne Fredrik Rifsgård  
Magne Fredrik Rifsgård  
nestleder

Olav Steinar Namtvædt  
Olav Steinar Namtvædt  
styremedlem

Astri Margrethe Marta Riple Ådland  
Astri Margrethe Marta Riple Ådland  
styremedlem

Vilgerd Storset Husa  
Vilgerd Storset Husa  
styremedlem

Janne Eraker  
Janne Eraker  
daglig leder

# NOTER

## Nordhordland Revisjon IKS 2018

### Note 1 - Rekneskapsprinsipp

Rekneskapen er utarbeidd i samsvar med reglane i kommunelova, forskrifter og god kommunal rekneskapsskikk. Med unnatak av eigenkapitalinnskot i KLP, blir all kjent tilgang og bruk av midlar gjennom året som gjeld selskapet si verksemd ført i driftsrekneskapen.

#### Klassifisering av anleggsmidlar og omløpsmidlar

I balanserekneskapen er anleggsmidlar eide delar bestemt til varig eige eller bruk for selskapet. Andre eide delar er omløpsmidler. Fordringar knytt til eigen vare- og tenesteproduksjon er omløpsmidler.

#### Vurderingsreglar

Omløpsmidlar er vurdert til lågaste av anskaffelseskost og verkeleg verdi.

Uteståande fordringar er vurdert til pålydande med frådrag for forventa tap.

#### Mva-plikt og mva-kompensasjon

Selskapet følgjer reglane i meirverdiavgiftslova for dei tjenesteområda som er omfatta av lova. Selskapet si øvrige verksemd følgjer lov om kompensasjon av merverdiavgift for kommuner, fylkeskommuner mv.

### Note 2 - Endring i arbeidskapital driftsregnskapet

Anskaffelse av midler	2018	2017
Sum driftsinntekter	5 526 780	4 884 948
Renteinntekter	4 789	4 590
<b>Sum anskaffelse av midler</b>	<b>5 531 569</b>	<b>4 889 538</b>

Anvendelse av midler		
Sum driftsutgifter	-5 783 253	-4 529 571
Sum investeringsutgifter	-44 073	-42 461
<b>Sum anvendelse av midler</b>	<b>-5 827 326</b>	<b>-4 572 032</b>
<b>Endring i arbeidskapital</b>	<b>295 757</b>	<b>317 506</b>

# NOTER

## Nordhordland Revisjon IKS 2018

### Endring i arbeidskapital balansen

Tekst	2018	2017
Omløpsmidler 01.01.	3 407 433	3 106 975
Omløpsmidler 31.12.	3 214 163	3 407 433
<b>Endring omløpsmidler</b>	<b>193 270</b>	<b>300 458</b>
Kortsiktig gjeld 01.01.	595 599	612 647
Kortsiktig gjeld 31.12.	698 086	595 599
<b>Endring kortsiktig gjeld</b>	<b>102 487</b>	<b>17 048</b>
<b>Endring arbeidskapital</b>	<b>295 757</b>	<b>317 506</b>

### Note 3 – Lønn m.m.

	2018	2017
Lønn	2 868 144	2 505 881
Styreonorar	102 800	101 900
Reise- og utgiftsgodtgjørelse	64 701	68 202
<b>Sum lønsutgifter</b>	<b>3 035 645</b>	<b>2 675 983</b>
Arbeidsgiveravgift	461 082	445 762
Pensjon	597 324	511 525
Trekkpliktig forsikring	0	8 520
<b>Sum sosiale utgifter</b>	<b>1 058 406</b>	<b>965 808</b>

Det er i 2018 utbetalt lønn til revisjonssjef på kr 583 346  
Kostnad til revisjon av eigen rekneskap er i 2018 utgiftsført med kr 27 527.  
Selskapet har 4 faste stillingar og det er i 2018 utført 4 årsverk i selskapet.

# NOTER

## Nordhordland Revisjon IKS 2018

### **Note 4 – Obligatorisk tenestepensjon**

Selskapet sine tilsette har ytelsesbasert forsikringsavtale med KLP, tilsvarande kommunal pensjonsordning med 2 % trekk i lønn. Netto pensjonsforpliktelse er ikke bokført. Årets premie til pensjonsordninga er kostnadsført i resultatrekneskapen med kr 597 324.

Pensjonsforpliktelse	2018	2017
Brutto påløpt forpliktelse	17 262 548	17 060 104
Pensjonsmidlar	- 15 381 456	-14 465 813
Netto forpliktelse før arb.gj.avgift	1 881 092	2 594 291

Denne netto pensjonsforpliktelsen er det eigarkommunane heftar for ved ei eventuell opplysing av selskapet.

Betalt eigenkapitalinnskot i KLP for 2018 er kr 44 073  
Eigenkapitalinnskot pr. 31.12.2018 utgjer kr 658 821.

### **Note 5 – Kortsiktige fordringar**

Kundefordringar og andre kortsiktige fordringar er bokført til pålydande verdi.

### **Note 6 – Bundne midlar**

Bundne midlar på skattetrekkskonto utgjorde pr. 31.12.2018 kr 373 372 Skuldig skattetrekk pr. 31.12.2018 var kr 125 659.

### **Note 7 – Eigenkapital**

Endringane i eigenkapital viser til vedtak i representantskapet

	<u>Disposisjons- fond</u>	<u>Disp.fond lønn/pensjon</u>	<u>Mindre/meir- forbruk</u>	<u>Kapital- konto</u>
Saldo 01.01. (negativt tall = positiv egenkapital)	-1 004 929	-1 415 398	-391 506	-711 748
Bruk av tidlegare års mindreforbruk sak 04/17		-408 791	391 506	
Bruk av disposisjonsfond sak 11/16	74 000			
Eigenkapitalinnskot KLP				-44 073
Årets resultat udisponert			0	
Saldo 31.12. (negativt tall = positiv egenkapital)	-1 004 929	-1 806 904	0	-755 821

# NOTER

## Nordhordland Revisjon IKS 2018

### Note 8 – Aksjer

<u>Selskap</u>	<u>Antall</u>	<u>Pålydande</u>	<u>Kostpris</u>	<u>Stemme-rett</u>	<u>Utbytte-rett</u>
Nordhordland Revisjon AS	1 A	1 000	1 000	Ja	Nei
Nordhordland Revisjon AS	96 B	1 000	96 000	Nei	Ja

Strandavegen 11, 5705 Voss  
Boks 136, 5701 Voss  
Org.nr: 982 316 588 MVA

Til representantskapet i  
**Nordhordland Revisjon IKS**

T +47 56 52 04 00  
F +47 56 52 04 01

[www.rsmnorge.no](http://www.rsmnorge.no)

## **Uavhengig melding fra revisor**

### **Uttale om revisjonen av årsrekneskapen**

#### **Konklusjon**

Vi har revidert Nordhordland Revisjon IKS sitt årsrekneskap som viser eit netto driftsresultat på kr. - 251.684 og eit meirforbruk på kr 295.757. Årsregnskapet er samansett av balanse per 31. desember, resultatrekneskap og pliktige budsjettopplysingar for rekneskapsåret som er avslutta per denne datoен, og notar til årsrekneskapen, samt eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår mening er den vedlagte årsrekneskapen gjeve i samsvar med lov og forskrifter og gjev eit rettvisande bilet av selskapet si finansielle stilling per 31. desember 2018 og av resultat for rekneskapsåret som er avslutta per denne datoen i samsvar med reglane i rekneskapslova og god rekneskapsskikk i Noreg.

#### **Grunnlag for konklusjonen**

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Norge, inkludert dei internasjonale revisjonsstandardane International Standards on Auditing (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter i samsvar med disse standardane står skreve i Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen. Vi er uavhengige av selskapet slik det er pålagt i lov og forskrift, og har utøvd våre andre etiske forpliktingar i samsvar med disse krava. Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon.

#### **Anna informasjon**

Leiinga er ansvarleg for anna informasjon. Anna informasjon gjeld årsmelding, men gjeld ikkje årsrekneskapen og revisjonsmeldinga.

Vår uttale om revisjonen av årsrekneskapen dekkjer ikkje anna informasjon, og vi atesterer ikkje anna informasjonen.

I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det vår oppgåve å lesa anna informasjon med det føremål å vurdera om det føreligg vesentleg inkonsistens mellom anna informasjon og årsrekneskapen, kunnskap vi har opparbeida oss under revisjonen, eller om den tilsynelatande inneheld vesentleg feilinformasjon.

Dersom vi konkluderer med at den anna informasjonen inneholder vesentleg feilinformasjon er vi pålagt å rapportere det. Vi har ingenting å rapportera i samband med det.

## Revisjonsmelding 2018 Nordhordland Revision IKS

### *Styret og dagleg leiar sitt ansvar for årsrekneskapen*

Styret og dagleg leiar (leiinga) er ansvarleg for å utarbeida årsrekneskapen i samsvar med lov og forskrifter, samt at det gjev eit rettvisande bilete i samsvar med reglane i rekneskapslova, god rekneskapsskikk i Noreg, tilleggsbestemmelser i lov om interkommunale selskap og forskrift om årsbudsjett, årsrekneskap og årsmelding for interkommunale selskap. Leiinga er også ansvarleg for slik intern kontroll som dei finn er naudsynt for å kunna utarbeida ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, korkje som fylgje av misleghald eller feil.

Ved utarbeidingsa av årsrekneskapen må leiinga ta standpunkt til selskapet si evne til framleis drift og opplysa om tilhøve som har innverknad for framleis drift. Føresetnaden om framleis drift skal leggjast til grunn for årsrekneskapen så lenge det ikkje er sannsynleg at verksemda vil verta avvikla.

### *Revisor sine oppgåver og plikter ved revisionen av årsrekneskapen*

Vårt mål med revisionen er å oppnå rimeleg tryggleik for at årsrekneskapen som total ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, korkje som fylgje av misleg framferd eller utilsikta feil, og å gje ei revisjonsmelding som inneheld vår konklusjon. Rimeleg grad av tryggleik er ei høg grad av tryggleik, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med lov, forskrift og god revisionsskikk i Norge, samt ISA-ane, alltid vil avdekka vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som fylgje av misleg framferd eller utilsikta feil. Feilinformasjon vert vurdert som vesentleg dersom den enkeltvis eller samla med rimelig grad kan forventa å påverka økonomiske avgjerder som brukarane føretak basert på årsrekneskapen.

Som del av revisionen i samsvar med lov, forskrift og god revisionsskikk i Noreg, samt ISA-ane, utviser vi profesjonelt skjønn og utviser profesjonell skepsis gjennom heile revisionen. I tillegg:

- skal vi identifisera og vurdera risikoen for vesentleg feilinformasjon i rekneskapen, enten det skuldast misleg framferd eller utilsikta feil. Vi utformar og gjennomfører revisionshandlingar for å handtera slike risiko, og innhentar revisionsbevis som er tilstrekkeleg og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon. Risikoen for at vesentleg feilinformasjon som fylgje av mislig framferd ikkje vert avdekkja, er høgare enn for feilinformasjon som skuldast utilsikta feil, sida misleg framferd kan vera samarbeid, forfalsking, bevisste utelatingar, urette framstillingar eller overstyring av intern kontroll.
- skal vi opparbeida oss ei forståing av den interne kontroll som er relevant for revisionen, for å utforma revisionshandlingar som er hensiktsmessige etter omstenda, men ikkje for å gje uttrykk for ei mening om effektiviteten av selskapet si interne kontroll.
- skal vi evaluera om dei rekneskapsprinsippa som er nytta er hensiktsmessige og om dei rekneskapsestimat som er nytta og tilhøyrande noteopplysningar utarbeida av leiinga er rimelege.
- skal vi konkludera på hensiktsmessigheten av leiinga si bruk av framleis drift-føresetnaden ved utarbeidingsa av rekneskapen, basert på innhenta revisionsbevis, og om det føreligg vesentleg usikkerheit knytt til hendingar eller tilhøve som kan skape vesentleg tvil om selskapet si emne til framleis drift. Dersom vi konkluderer med at det eksisterer vesentleg usikkerheit, vert det kravd at vi i revisjonsmeldinga gjev merksam på tilleggsopplysningane i rekneskapen, eller, dersom slike tilleggsopplysningar ikkje er tilstrekkelege, at vi modifiserer vår konklusjon om årsrekneskapen og årsmeldinga. Våre konklusjonar er basert på dei revisionsbevis som er innhenta inntil datoен for revisjonsmeldinga. Etterfylgjande hendingar eller tilhøve kan likevel føra til at selskapet ikkje held fram med drifta.
- skal vi evaluera vi den samla presentasjonen, strukturen og innhaldet, inkludert tilleggsopplysningane, og om årsrekneskapen utgjer dei underliggende transaksjonane og hendingane på ein måte som gjev eit rettvisande bilete.

## *Revisjonsmelding 2018 Nordhordland Revision IKS*

Vi har kontakt med leiinga blant anna om planlagt omfang av revisjonen og til kva tid revisjonsarbeidet skal utførast. Vi utvekslar også informasjon om vesentlege tilhøve som vi har avdekkja under revisjonen, samt om eventuelle vesentlege avvik i den interne kontrollen.

### **Uttale om andre lovmessige krav**

#### *Konklusjon om registrering og dokumentasjon*

Basert på vår revisjon av årsrekneskapen som skildra ovanfor, og dei kontrollhandlinga vi har funne naudsynt i samsvar med internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikkje er revisjon eller forenkla revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi at leiinga har oppfylt si plikt til å syrgja for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av selskapet sine rekneskapsopplysninga i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Noreg.

Voss, 6 mai 2019  
RSM Norge AS



Åse Steen-Olsen  
Statsautorisert revisor

**Årsmelding for 2018**  
**Indre Hordaland Revisjonsdistrikt**  
**Org. Nr. 972 543 124**

**Innleiing**

Indre Hordaland Revisjonsdistrikt (IHR) vart stifta 01.01.1994. Vi utfører revisjon og andre nærliggande tenester for 6 kommunar/herad, Eidfjord, Jondal, Odda, Ullensvang, Ulvik og Voss.

Kontoret er i Voss kommune.

**Revisjonsstyret**

Revisjonsstyret består av sju personar, med personleg vara. Voss kommune har to medlemmer. I tillegg møter dei tilsette med ein observatør. Dagleg leiar er sekretær for revisjonsstyret.

**Tilsette, interne forhold**


Pr 31. desember har IHR 5 tilsette, 80 % kvinner og 20 % menn. Sjukefråværet i 2017 var 0 %. Det var ingen personskadar. Selskapets verksemnd påverkar ikkje det ytre miljø.

**Økonomi**

Årsrekneskapen for 2018 er avslutta, med eit resultat på kr 75.556,-. Årsresultatet er overført til anna eigenkapital.

Det framlagde årsrekneskapen er basert på fortsatt drift, og gir eit rettvisande bilet over utviklinga og resultatet av verksemda.

Voss 21.02.2019  
Indre Hordaland Revisjonsdistrikt

  
Johannes Grønsdal  
Styreleiar

  
Bjørg Djukastein  
Nestleiar

  
Anders Kristoffer Oppheim

  
Anne Lise Bleie

Liv Sollesnes

Knut Grinde

  
Øystein Pugerd

  
Elin Bye  
Revisjonssjef

# Resultatrekneskap

## Inder Hordaland Revisjonsdistrikt

<b>Driftsinntekter og driftskostnader</b>	<b>Note</b>	<b>2018</b>	<b>2017</b>
Salsinntekt		4 195 246	4 165 741
Anna driftsinntekt		200 141	93 339
<b>Sum driftsinntekter</b>		<b>4 395 387</b>	<b>4 259 080</b>
 Lønskostnad	3	2 999 698	2 782 363
Avskriving	1	63 951	57 723
Annan driftskostnad	3	1 296 220	1 312 401
<b>Sum driftskostnader</b>		<b>4 359 870</b>	<b>4 152 487</b>
 <b>Driftsresultat</b>		<b>35 517</b>	<b>106 593</b>
 <b>Finansinntekter og finanskostnader</b>			
Anna renteinntekt		40 039	30 912
<b>Resultat av finanspostar</b>		<b>40 039</b>	<b>30 912</b>
 Oridnært resultat før skattekostnad		75 556	137 505
<b>Ordinært resultat</b>		<b>75 556</b>	<b>137 505</b>
 <b>Ekstraordinære inntekter og kostnader</b>			
 <b>Årsresultat</b>		<b>75 556</b>	<b>137 505</b>
 <b>Overføring</b>			
Avsett til annan eigenkapital		75 556	137 505
<b>Sum overføringer</b>		<b>75 556</b>	<b>137 505</b>


# Balanse

## Inder Hordaland Revisjonsdistrikt


Eigedelar	Note	2018	2017
<b>Anleggsmiddel</b>			
<b>Immaterielle eigedeler</b>			
<b>Varige driftsmiddel</b>			
Driftslausøyre, inventar, verktøy, kontormaskinar og liknande		57 040	76 963
<b>Sum varige driftsmiddel</b>	1	<u>57 040</u>	<u>76 963</u>
<b>Finansielle anleggsmiddel</b>			
Investeringar i aksjar og partar	4	529 311	480 800
<b>Sum finansielle anleggsmiddel</b>		<u>529 311</u>	<u>480 800</u>
<b>Sum anleggsmiddel</b>		<u>586 351</u>	<u>557 763</u>
<b>Omløpsmiddel</b>			
<b>Krav</b>			
Kundekrav		607 716	617 423
Andre kortsiktige krav		217 095	113 583
<b>Sum krav</b>		<u>824 811</u>	<u>731 006</u>
<b>Investeringar</b>			
Bankinnskot, kontantar og liknande		2 384 028	2 579 153
<b>Sum omløpsmiddel</b>		<u>3 208 838</u>	<u>3 310 159</u>
<b>Sum eigedelar</b>		<u>3 795 189</u>	<u>3 867 922</u>

<b>Balanse</b>			
<b>Inder Hordaland Revisjonsdistrikt</b>			
<b>Eigenkapital og gjeld</b>	<b>Note</b>	<b>2018</b>	<b>2017</b>
<b>Eigenkapital</b>			
<b>Innskoten eigenkapital</b>			
<b>Opptent eigenkapital</b>			
Annan eigenkapital	2	3 154 255	3 078 699
<b>Sum opptent eigenkapital</b>		<u>3 154 255</u>	<u>3 078 699</u>
<b>Sum eigenkapital</b>		<u>3 154 255</u>	<u>3 078 699</u>
<b>Gjeld</b>			
<b>Avsetjing til plikter</b>			
<b>Øvrig langsiktig gjeld</b>			
<b>Kortsiktig gjeld</b>			
Leverandørgjeld		52 313	101 489
Skyldige offentlege avgifter		289 023	375 068
Anna kortsiktig gjeld		299 599	312 666
<b>Sum kortsiktig gjeld</b>		<u>640 934</u>	<u>789 223</u>
<b>Sum gjeld</b>		<u>640 934</u>	<u>789 223</u>
<b>Sum eigenkapital og gjeld</b>		<u>3 795 189</u>	<u>3 867 922</u>

Voss, 15.02.2019  
Styret i Inder Hordaland Revisjonsdistrikt



Johannes Grønsdal  
Styrelseiar




Bjørg Djukastein  
Nestleiar



Knut Grinde  
Styremedlem



Liv Sollesnes  
Styremedlem



Øystein Pugerud  
Styremedlem



Anne-Lise Bleie  
Styremedlem



Anders Kristoffer Oppheim  
Styremedlem

## Årsrekneskap 2018

Klient  
Fødsels-/org.nr.

Inder Hordaland Revisjonsdistrikt  
971 543 124

### Note 0 - Rekneskapsprinsipp

Indre Hordaland Revisjonsdistrikt følgjer regelverket som gjeld for små førtak, jf. Lov av 17. juli 1998 nr. 56 om årsregnskap (Rekneskapslova). Verksemda sin rekneskap vert som hovudregel ført etter Rekneskapslova sine prinsipp.

Selskapet har forsikra pensjonsforpliktingar som ikkje er balanseført (KLP - Kommunal Landspensjonskasse). Eigenkapitalinnskotet er ført med kostpris i balansen, kostpris vart i år 2017 nedskrevet med kr.73.217,- . Pensjonsordninga er ytelsesbasert.

Anleggsmidlar er ført med kostpris og vert avskreve lineært, jf. note 1.

Uteståande fordringar og forpliktingar er ført i balansen til pålydande.

Indre Hordaland Revisjonsdistrikt er ikkje skattepliktig verksemde.

### Note 1 Anleggsmiddel

	Driftsløsøre, inventar ol.	Sum
Innkjøpskostnad pr. 01.01.18	196 242	196 242
+ Tilgang kjøpte anleggsmiddel	44 028	44 028
= Innkjøpskostnad 31.12.18	<b>240 270</b>	<b>240 270</b>
Akkumulerte avskrivingar 31.12.18	183 231	183 231
= Bokført verdi 31.12.18	<b>57 039</b>	<b>57 039</b>
Ordinære avskrivingar dette året	63 951	63 951
Økonomisk levetid	0-3 år	

### Note 2 Eigardel

Selskapet er eit interkommunalt samarbeid mellom 6 kommunar og er stifta for å revidere rekneskapen til samarbeidskommunane. Kontorkommune er Voss.  
Kommunane har ikkje gjort innskot i selskapet.

### Fordeling samarbeidskommunane:

Eidhfjord	12,79%
Jondal	11,88%
Odda	20,53%
Ullensvang	17,09%
Ulvik	12,48%
Voss	25,23%
<b>SUM</b>	<b>100%</b>

## Årsrekneskap 2018

Klient  
Fødsels-/org.nr.

Inder Hordaland Revisjonsdistrikt  
971 543 124

---

### Note 3 Lønskostnader og ytingar, godtgjeringar til dagleg leiar, styret og revisor

Indre Hordaland Revisjonsdistrikt hadde 5 tilsette ved utgangen av 2018. Desse utgjorde 4,6 årsverk.

Lønskostnader	2018	2017
Løningar	3 421 427	2 868 387
Arbeidsgjevaravgift	508 166	471 337
Pensjonskostnader	270 960	183 607
Andre ytingar	-1 200 855	-740 968
<b>Sum</b>	<b>2 999 698</b>	<b>2 782 363</b>

Det er ikkje ytt lån til dagleg leiar, styret eller tilsette.

Honorar styret utgjer kr. 68.950,-

Løn dagleg leiar utgjer kr. 585.726,-

### Revisor

Det kostnadsførte revisjonshonoraret for 2018 utgjer kr 20 250.

### Note 4 Dotterselskap

Kontor-kommune	Eigardel	Bokført verdi
Vestlandsrevisjon AS Voss	96%	Kr. 52 800,-
Eigenkapital pr 31.12.18 - udekket tap	Kr. 65.371,-	
Årsresultat 2018 - underskot	Kr. 5.624,-	

# REVISJON VOSS AS

REGIMENTSVEGEN 225, 5705 VOSS

TELEFON: 47-56 52 14 60  
E-POST: post@revisjonvoss.no  
REVISOR/ORG. NR: NO 982 067 324

GODKJENT REVISJONSSELSKAP  
AUTORISERT REKNESKAPSFØRARSELSKAP

Til Indre Hordaland Revisjonsdistrikt

## MELDING FRÅ UAVHENGIG REVISOR

### Fråsegn om revisjonen av årsrekneskapen

#### Konklusjon

Vi har revidert Indre Hordaland Revisjonsdistrikt sin årsrekneskap som viser eit årsresultat på kr. 75 556.

Årsrekneskapen er samansett av balanse per 31. desember 2018, resultatrekneskap og noter til årsrekneskapen, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår mening er årsrekneskapen som følgjer med, gitt i samsvar med lov og forskrifter og gir eit rettvisande bilet av selskapet si finansielle stilling per 31. desember 2018, og av resultatet for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoan, i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg.

#### Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, medrekna dei internasjonale revisjonsstandardane International Standards on Auditing (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er beskrivne under overskrifta *Revisors oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen*. Vi er uavhengige av selskapet slik det er krav om i lov og forskrift, og har oppfylt dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

#### Styret sitt ansvar for årsrekneskapen

Styret er ansvarlege for å utarbeide årsrekneskapen i samsvar med lov og forskrifter, derunder for at han gir eit rettvisande bilde i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg. Styret er også ansvarleg for slik intern kontroll som ho finn naudsynt for å kunne utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilskikta.

Ved utarbeidingsa av årsrekneskapen må leiinga ta standpunkt til selskapet si evne til å halde fram med drifta og opplyse om tilhøve av betydning for dette. Føresetnaden om at drifta kan halde fram, skal leggjast til grunn for årsrekneskapen så lenge det ikkje er sannsynleg at verksemda vil bli avvikla.

**Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjonen av årsrekneskapen**

Vårt mål er å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av feil eller misleg framferd, og å gi ei revisjonsmelding som gir uttrykk for meiningsa vårt. Tryggande sikkerheit er ein høg grad av tryggleik, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, og ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følge av misleg framferd eller feil som ikke er tilskorta. Feilinformasjon blir vurdert som vesentleg dersom han, åleine eller samla, innanfor rimeleg grenser kan forventast å påverke økonomiske avgjørder som brukarane tar basert på årsrekneskapen.

**Utsegn om andre lovmessige krav**

**Konklusjon om registrering og dokumentasjon**

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er beskriven ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenkla revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi at leiinga har oppfylt plikta si til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av selskapet sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Noreg.

VOSS, 15. februar 2019

**Revisjon Voss AS**



Arild Petersen

Registrert revisor

**Framlegg til selskapsavtale etter samanslåing av  
Indre Hordaland revisjonsdistrikt (IHR) og  
Nordhordland Revisjon NHR**

**Gjeldande frå stifting av selskapet til 31.12.2019**

**Vestlandsrevisjon IKS**

## **§ 1 SELSKAPET SITT NAVN**

Selskapet sitt namn er Vestlandsrevisjon IKS.

Verksemda er eit interkommunalt selskap og er oppretta med heimel i lov om interkommunale selskap av 29. januar 1999 (IKS lova).

## **§ 2 DELTAKARAR , EIGARAR OG ANSVAR**

Deltakarar i selskapet er kommunane Austrheim, Eidfjord, Fedje, Jondal, Masfjorden, Meland, Modalen, Odda, Osterøy, Radøy, Ullensvang, Ulvik og Voss.

Eigar og ansvarsdelen i selskapet er fordelt etter folketalet pr 01.01.2019 slik:

<b>Eigardel fram til 31.12.2019</b>	
Voss kommune	20,37 %
Meland kommune	12,54 %
Osterøy kommune	12,46 %
Odda kommune	10,79 %
Radøy kommune	8,77 %
Ullensvang herad	6,61 %
Austrheim kommune	6,08 %
Masfjorden kommune	4,65 %
Ulvik herad	3,90 %
Jondal kommune	3,89 %
Eidfjord kommune	3,67 %
Fedje kommune	3,25 %
Modalen kommune	3,03 %

Selskapet inngår avtale med kommunane om honorar for tenestene.

Eigarane yter ikkje årleg tilskot til selskapet.

## **§ 3 FORMÅL**

Selskapet har til formål:

1. Selskapet leverer revisjonstenester til eigarkommunane i samsvar med Lov om kommunar og fylkeskommunar av 22.06.2018, kap. 24/ til ei kvar tid gjeldande kommunelov.
2. Selskapet leverer revisjonstenester innanfor finansiell revisjon, forvaltningsrevisjon, selskapskontroll, attestasjonsfråsegner og rådgjevingstenester.
3. Selskapet skal vidareutvikla ekspertise og effektivitet på communal revisjon og gje

selskapet fagleg, administrativ og økonomisk gevinst gjennom tidsriktig teknologisk utvikling og kompetanseutvikling i tråd med den faglege utviklinga i bransjen.

4. Selskapet kan inngå samarbeidsavtalar med andre selskap med tilsvarende formål.
5. Selskapet kan eiga/delta i andre selskap som leverer revisjonstenester og andre tenester som naturleg høyrer slike verksemder til.
6. Selskapet er ope for nye kommunar som ynskjer å gå inn i Vestlandsrevisjon IKS.

## **§ 4 HOVUDKONTOR**

Selskapet skal vera lokalisert i Knarvik i Alver kommune og på Voss i Voss herad.

Hovudkontoret er ved det kontoret som revisjonssjefen til ein kvar tid er plassert.

## **§ 5 SELSKAPET SI LEIING**

Selskapet er styrt gjennom tre organ, representantskap, styret og dagleg leiar.

## **§ 6 REPRESENTANTSKAP**

Representantskapet er det høgste organet i selskapet og er samansett av ein representant frå kvar eigarkommune.

Ordførar i eigarkommunane er kommunen sin representant med varaordførar som vararepresentant dersom ikkje kommunestyret har gjort anna val. Ved avstemming skal kvar representant si stemme telja lik eigar/ansvarsdel.

Representantskapet har ansvar for:

1. Velje leiar og nestleiar for representantskapet. Leiarvervet er for 2 år om gongen.
2. Velje styre, leiar og nestleiar til styret. Styret er valt for 2 år om gongen.
3. Velje valnemnd.
4. Behandla budsjett, økonomiplan, årsmelding og årsrekneskap.
5. Behandle andre saker som går fram av lova og selskapsavtalen.
6. Gjennomføre minst to møter årleg for behandling av oppgåver som nemnd over.

## **§ 7 VALNEMND**

Valnemnda skal bestå av minst tre medlemmar og minst to varamedlemmer i rekkeje.

Representantskapet utarbeidar retningsliner for valnemnda sitt arbeid.

## **§ 8 STYRET**

Val av styret følgjer IKS lova.

Styret er sett saman av 5 medlemmer med vararepresentantar i rekkeje.

Styret har ansvar for å:

1. Sjå til at selskapet vert drive i tråd med selskapet sitt formål, selskapsavtale og innanfor vedteke budsjett.
2. Sjå til at vedtaka i representantskapet og vedtekne retningslinjer vert gjennomført.
3. Sjå til at selskapet er organisert på ein kostnadseffektiv måte.
4. Sjå til at rekneskapsføring og formuesforvaltning er under tilfredsstillande kontroll.
5. Styret tilset og fastset løn til dagleg leiar.
6. Styret utarbeider styreinstruks og instruks for dagleg leiar.
7. Styret vedtak rammer for lokale lønsforhandlingar og løn til dagleg leiar.

## **§ 9 DAGLEG LEIAR / REVISJONSSJEF**

Dagleg leiar har ansvar for:

1. Leiing av selskapet
2. Gjennomføra vedtak og retningsliner som styret har gjeve.
3. Sekretær og sakshandsaming for representantskapet og styret
4. Utføre oppgåver i samsvar med instruks for dagleg leiar.

## **§ 10 ARBEIDSGJEVARANSVAR OG TILKNYTING**

Styret har det øvste arbeidsgjevaransvar for dei tilsette i selskapet.

Selskapet skal vera medlem av arbeidsgjevarorganisasjonen KS Bedrift.

## **§ 11 LÅNEOPPTAK OG GARANTIANSVAR**

Selskapet kan ta opp lån til kapitalformål eller likviditetsformål innanfor ei samla ramme på kr 2 000 000. To millionar norske kroner. Representantskapet gir fullmakt til styret til å ta opp lån, samt godkjenne lånevilkår.

## **§ 12 GODTGJERING TIL REPRESENTANTAR I STYRANDE ORGAN**

Representantskapet fastset kompensasjon til medlemmar av styret. Kompensasjon til representantskapet sine medlemmar vert fastsett og dekka av eigarane.

Representantskapet kan vedta at selskapet yter særskilt godtgjersle til leiar av representantskapet.

## **§ 13 REPRESENTASJON**

Styret representerer selskapet og teiknar firma.

Styret kan vedta at styreleiar eller dagleg leiar kan teikna selskapet.

Dagleg leiar representerer selskapet innanfor sitt myndigheitsområde.

## **§ 14 UTMELDING OG OPPLØYSING**

Kvar eigar i selskapet kan einsidig seia opp si deltaking. Når ein kommune trer ut av selskapet skjer dette i samsvar med IKS-lova sine reglar slik dei er formulert på det tidspunktet selskapet får melding om utmeldinga.

Når ein kommune går ut av selskapet skal ansvaret for å innfri pensjonsrettane til dei tilsette dekkast etter følgjande prinsipp:

1. Pensjonsforpliktingar for tilsette i selskapet blir fordelt mellom eigarane basert på eigardelen i selskapet.
2. Alle utrekningar skal gjerast av KLP på grunnlag av prinsipp nytta av Pensjonskontoret i «Overføringsavtalens sikringsordning»
3. Pensjonsforpliktingar for avtalte og gjeldande pensjonar i selskapet for dei som er tilsett i selskapet ved etableringstidspunktet 1. januar 2020 blir basert på eigardelane i selskapet.
4. Pensjonsforpliktingar for avtalte og gjeldande pensjonar som er overført frå dei tidlegare einingane Indre Hordaland Revisjondistrikt (org.nr. 971 361 433) Nordhordland Revisjondistrikt (org.nr. 971 543 124) skal fordelast og fakturerast deltakarane i NHR og IHR basert på eigardelane i desse selskapa på avviklingstidspunktet.

Ved endringar i pensjonslovgjeving eller pensjonsordninga skal desse prinsippa framleis gjelda for eigarane i selskapet.

Forslag til oppløysning av selskapet må vedtakast einstemmig av representantskapet, før det sendt deltakarane for behandling. Elles gjeld reglane om oppløysning i IKS-loven slik dei lyder når forslaget vert vedtatt av representantskapet.

## **§ 15 ENDRING AV SELSKAPSAVTALEN**

Endringar i selskapsavtalen skjer i samsvar med IKS-lova.

**Framlegg til selskapsavtale etter samanslåing av  
Indre Hordaland revisjonsdistrikt (IHR) og  
Nordhordland Revisjon NHR**

**Gjeldande frå 01.01.2020**

**Vestlandsrevisjon IKS**

## **§ 1 SELSKAPET SITT NAVN**

Selskapet sitt namn er Vestlandsrevisjon IKS.

Verksemda er eit interkommunalt selskap og er oppretta med heimel i lov om interkommunale selskap av 29. januar 1999 (IKS lova).

## **§ 2 DELTAKARAR , EIGARAR OG ANSVAR**

Deltakarar i selskapet er kommunane Austrheim, Eidfjord, Fedje, Masfjorden, Modalen, Osterøy, Ullensvang, Ulvik og Voss.

Eigar og ansvarsdelen i selskapet er fordelt etter folketalet pr 01.01.2019 slik:

<b>Eigardel frå og med 01.01.2020</b>	
Voss herad	28,17 %
Ullensvang kommune	21,26 %
Osterøy kommune	16,48 %
Austrheim kommune	8,25 %
Masfjorden kommune	6,40 %
Ulvik herad	5,42 %
Eidfjord kommune	5,13 %
Fedje kommune	4,59 %
Modalen kommune	4,30 %

Ansvarsdelen blir justert kvart fjerde år, og elles ved naturlege endringar som opptak og utmeldingar i selskapet.

Selskapet inngår avtale med kommunane om honorar for tenestene.

Eigarane yter ikkje årleg tilskot til selskapet.

## **§ 3 FORMÅL**

Selskapet har til formål:

1. Selskapet leverer revisjonstenester til eigarkommunane i samsvar med Lov om kommunar og fylkeskommunar av 22.06.2018, kap. 24/ til ei kvar tid gjeldande kommunelov.
2. Selskapet leverer revisjonstenester innanfor finansiell revisjon, forvalningsrevisjon, selskapskontroll, attestasjonsfråsegner og rådgjevingstenester.
3. Selskapet skal vidareutvikla ekspertise og effektivitet på communal revisjon og gje

selskapet fagleg, administrativ og økonomisk gevinst gjennom tidsriktig teknologisk utvikling og kompetanseutvikling i tråd med den faglege utviklinga i bransjen.

4. Selskapet kan inngå samarbeidsavtalar med andre selskap med tilsvarende formål.
5. Selskapet kan eiga/delta i andre selskap som leverer revisjonstenester og andre tenester som naturleg høyrer slike verksemder til.
6. Selskapet er ope for nye kommunar som ynskjer å gå inn i Vestlandsrevisjon IKS.

## **§ 4 HOVUDKONTOR**

Selskapet skal vera lokalisert i Knarvik i Alver kommune og på Voss i Voss herad.

Hovudkontoret er ved det kontoret som revisjonssjefen til ein kvar tid er plassert.

## **§ 5 SELSKAPET SI LEIING**

Selskapet er styrt gjennom tre organ, representantskap, styret og dagleg leiar.

## **§ 6 REPRESENTANTSkap**

Representantskapet er det høgste organet i selskapet og er samansett av ein representant frå kvar eigarkommune.

Ordførar i eigarkommunane er kommunen sin representant med varaordførar som vararepresentant dersom ikkje kommunestyret har gjort anna val. Ved avstemming skal kvar representant si stemme telja lik eigar/ansvarsdel.

Representantskapet har ansvar for:

1. Velje leiar og nestleiar for representantskapet. Leiarvervet er for 2 år om gongen.
2. Velje styre, leiar og nestleiar til styret. Styret er valt for 2 år om gongen.
3. Velje valnemnd.
4. Behandla budsjett, økonomiplan, årsmelding og årsrekneskap.
5. Behandle andre saker som går fram av lova og selskapsavtalen.
6. Gjennomføre minst to møter årleg for behandling av oppgåver som nemnd over.

## **§ 7 VALNEMND**

Valnemnda skal bestå av minst tre medlemmar og minst to varamedlemmer i rekkeje.

Representantskapet utarbeidar retningslinjer for valnemnda sitt arbeid.

## **§ 8 STYRET**

Val av styret følgjer IKS lova.

Styret er sett saman av 5 medlemmer med vararepresentantar i rekkeje.

Styret har ansvar for å:

1. Sjå til at selskapet vert drive i tråd med selskapet sitt formål, selskapsavtale og innanfor vedteke budsjett.
2. Sjå til at vedtaka i representantskapet og vedtekne retningslinjer vert gjennomført.
3. Sjå til at selskapet er organisert på ein kostnadseffektiv måte.
4. Sjå til at rekneskapsføring og formuesforvaltning er under tilfredsstillande kontroll.
5. Styret tilset og fastset løn til dagleg leiar.
6. Styret utarbeider styreinstruks og instruks for dagleg leiar.
7. Styret vedtak rammer for lokale lønsforhandlingar og løn til dagleg leiar.

## **§ 9 DAGLEG LEIAR \ REVISJONSSJEF**

Dagleg leiar har ansvar for:

1. Leiing av selskapet
2. Gjennomføra vedtak og retningsliner som styret har gjeve.
3. Sekretær og sakshandsaming for representantskapet og styret
4. Utføre oppgåver i samsvar med instruks for dagleg leiar.

## **§ 10 ARBEIDSGJEVARANSVAR OG TILKNYTING**

Styret har det øvste arbeidsgjevaransvar for dei tilsette i selskapet. Selskapet skal vera medlem av arbeidsgjevarorganisasjonen KS Bedrift.

## **§ 11 LÅNEOPPTAK OG GARANTIANSVAR**

Selskapet kan ta opp lån til kapitalformål eller likviditetsformål innanfor ei samla ramme på kr 2 000 000. To millionar norske kroner. Representantskapet gir fullmakt til styret til å ta opp lån, samt godkjenne lånevilkår.

## **§ 12 GODTGJERING TIL REPRESENTANTAR I STYRANDE ORGAN**

Representantskapet fastset kompensasjon til medlemar av styret. Kompensasjon til representantskapet sine medlemar vert fastsett og dekka av eigarane.

Representantskapet kan vedta at selskapet yter særskilt godtgjersle til leiar av representantskapet.

## **§ 13 REPRESENTASJON**

Styret representerer selskapet og teiknar firma.

Styret kan vedta at styreleiar eller dagleg leiar kan teikna selskapet.

Dagleg leiar representerer selskapet innanfor sitt myndigheitsområde.

## **§ 14 UTMELDING OG OPPLØYSING**

Kvar eigar i selskapet kan einsidig seia opp si deltaking. Når ein kommune trer ut av selskapet skjer dette i samsvar med IKS-lova sine reglar slik dei er formulert på det tidspunktet selskapet får melding om utmeldinga.

Når ein kommune går ut av selskapet skal ansvaret for å innfri pensjonsrettane til dei tilsette dekkast etter følgjande prinsipp:

1. Pensjonsforpliktingar for tilsette i selskapet blir fordelt mellom eigarane basert på eigardelen i selskapet.
2. Alle utrekningar skal gjerast av KLP på grunnlag av prinsipp nytta av Pensjonskontoret i «Overføringsavtalens sikringsordning»
3. Pensjonsforpliktingar for avtalte og gjeldande pensjonar i selskapet for dei som er tilsett i selskapet ved etableringstidspunktet 1. januar 2020 blir basert på eigardelane i selskapet.
4. Pensjonsforpliktingar for avtalte og gjeldande pensjonar som er overført frå dei tidlegare einingane Indre Hordaland Revisjonsdistrikt (org.nr. 971 361 433) Nordhordland Revisjonsdistrikt (org.nr. 971 543 124) skal fordelast og fakturerast deltararane i NHR og IHR basert på eigardelane i desse selskapa på avviklingstidspunktet.

Ved endringar i pensjonslovgjeving eller pensjonsordninga skal desse prinsippa framleis gjelda for eigarane i selskapet.

Forslag til oppløysning av selskapet må vedtakast einstemmig av representantskapet, før det sendt deltararane for behandling. Elles gjeld reglane om oppløysning i IKS-loven slik dei lyder når forslaget vert vedtatt av representantskapet.

## **§ 15 ENDRING AV SELSKAPSAVTALEN**

Endringar i selskapsavtalen skjer i samsvar med IKS-lova.





# Etablering av Vestlandsrevisjon IKS

## Orientering til kontrollutvala

Indre Hordaland Revisjonsdistrikt (§27 samarbeid) har ansvar for revisjon av kommunane Eidfjord, Jondal, Odda, Ullensvang, Ulvik og Voss. Nordhordland Revisjon IKS har ansvar for revisjon av kommunane Austrheim, Fedje, Masfjorden, Meland, Modalen, Osterøy og Radøy.

Kommune- og regionreforma påverkar dei kommunale revisjonsselskapa gjennom ein reduksjon i tal oppdragskommunar for våre revisjonsselskap. I tillegg har dei interkommunale revisjonsselskapa vore gjenstand for rasjonalisering og effektivisering i fleire periodar, noko som kan gjea verksemndene sårbare. Desse to forholda har ført til eit behov for å samla ressursane for å møte kommunane sine framtidige behov med eit fagleg kompetent og godt miljø i vår region.

Styra i våre to revisjonsselskap inviterte ordførarane 3. januar 2019 til eit drøftingsmøte om revisjonsordninga, der våre eigalarar ba styra arbeida med ei samanslåing av selskapa for å imøtekamma endringane og behova som kommunane har for ei god kommunal revisjonsordning for framtida.

Styra fekk eit mandat om å laga ei utgreiing og framdriftsplan for ei samanslåing innan 1. april 2019. Denne planen vart oversendt ordførarane i eigarkommunane før påske. Deretter utarbeida styret saman med dagleg leiing og tilsette grunnlaget med selskapsavtalar for ei felles interkommunal revisjonsordning mellom kommunane i Nordhordland og kommunane på Voss og i Hardanger.

I utgreiingsfasen har det vore gjennomført fleire møter arbeidsutvalet. Dette utvalet har vore samansett av styremedlemmar frå både selskapa samt dei to administrative leiarane. Tilsette i revisjonen har også fått informasjon og komme med synspunkt undervegs i prosessen. Det har også vore orientert om arbeidet til representantskapet i Nordhordland Revisjon IKS og i selskapa sine styremøte. Vidare har det vore orientert om arbeidet i alle kontrollutvala til eigarkommunane undervegs.

## Hovudkonklusjonane i utgreiinga er:

- Det vert etablert eit nytt IKS med selskapsnamn Vestlandsrevisjon IKS.
- Eigarfordelinga byggjer på ein modell der 1/3 vert delt likt mellom eigarkommunane og 2/3 vert fordelt etter innbyggartal i kommunane.
- Eigarkommunane har ikkje innskotsplikt i det nye selskapet. Selskapet vert tilført eigenkapital gjennom at eigenkapitalen i Indre Hordaland Revisjonsdistrikt og Nordhordland Revisjon IKS vert overført pr. 31.12.2019 til Vestlandsrevisjon IKS som anna innskoten eigenkapital.
- Noverande organisering med revisjonskontor på Voss og i Knarvik vert vidareført.
- Tilsette vert overført til nytt selskap etter reglane om verksemsoverdraging i arbeidsmiljølova.
- Noverande revisjonsselskap verdt lagt ned.

Det er ynskjeleg at det nye selskapet er operativt så snart som mogleg etter at alle eigarkommunane har gjort sine vedtak hausten 2019. For å realisera dette, må selskapet opprettast og registrerast i år. Kommunestyra må sjølv vedta selskapsavtalar/endringar i selskapsavtalar for IKS, og kan ikkje gjerast av fellesnemnder jfr. Lov om interkommunale selskap §4. Dette kan skapa enkelte utfordringar på grunn av kommunesamanslåing. For det fyrste er ikkje kommunestyra i dei nye kommunane konstituert før mot slutten av 2019. For det andre må selskapsavtalen endrast per 1.1.2020 i forhold til tal deltagarar og ansvarsdel som konsekvens av kommunesamanslåingane. Kommunane Meland og Radøy går saman med Lindås til Alver kommune som skal byta revisjonsordning. Jondal, Odda og Ullensvang går saman til Ullensvang kommune, medan Voss og Granvin blir til Voss herad. For dei andre eigarkommunane vert situasjonen som før.

Den interkommunale revisjonen i Vestfold og Telemark er i sluttfasa for å etablera eit nytt revisjonsselskap etter ein modell tilsvarende den som er planlagt for Vestlandsrevisjon IKS. I deira saksutgreiing er det vist til Kommunal- og moderniseringsdepartementet som har sendt eit brev til Aust-Agder fylkeskommune 29. januar 2019. Her opnar regjeringa for at det skal vera mogleg å vedta endringar i selskapsavtalar før grenseendringar eller kommunesamanslåing trer i kraft.

Eigarkommunane i eit IKS kan difor velja om endringar i selskapsavtalen skal vedtakast før eller etter grenseendringar/samanslåing er iverksett. Dersom selskapsavtalen vert endra før ei grenseendring eller kommunesamanslåing er gjennomført, vil for eksempel endringa i selskapsavtalen kunne tre i kraft på same tidspunkt som grenseendringa/samanslåinga skjer. Dette må altså vedtakast av kommunestyra sjølv – enten av det «gamle» eller det «nye» – og ikkje av fellesnemnda.

Med utgangspunkt i departementet si tolking og av omsyn til prosessen vel styra for den interkommunale revisjonen å legga fram to selskapsavtalar til vedtak samtidig:

Fyrste avtalen gjeld frå stiftingstidspunktet og fram til 31. desember 2019 og den andre avtalen trer i kraft samtidig med at samanslåing til Ullensvang kommune og Voss herad skjer den 1. januar 2020. Samtidig vil kommunane Radøy og Meland opphøyra og Alver kommune har vedteke å bruka ei anna revisjonsordning.

Selskapsavtalen som gjeld frå etableringa av Vestlandsrevisjon IKS og fram til 31. desember 2019 byggjer på ~~på~~ noverande eigarskap og kommunestruktur med kommunenummer som gjeld i 2019. I den andre selskapsavtalen med verknad frå 1. januar 2020, er eigarskapet justert med fråfall av kommunane Meland og Radøy. I tillegg er det justert for kommunesamanslåing knytt til Ullensvang kommune og Voss herad. Denne selskapsavtalen viser fordeling av eigarskapet med oppdaterte kommunenummer for dei samanslåtte kommunane.

### **Kommunane i Indre Hordaland Revisjonsdistrikt og Nordhordland Revisjon IKS vert invitert til å fatta fylgjande vedtak:**

1. Kommunen teiknar seg som deltar i Vestlandsrevisjon IKS med ein eigardel som foreslått i § 2 i utkast til selskapsavtale gjeldande fram til 31.12.2019.
2. Kommunestyret vedtek selskapsavtalen som gjeld frå stiftingstidspunktet og fram til 31. desember 2019.
3. Kommunestyret i Radøy og Meland vedtek å tre ut av revisjonsselskapet Vestlandsrevisjon IKS frå 31. desember 2019.
4. Historisk pensjonsordning for tidlegare tilsette i Nordhordland Revisjon IKS og Indre Hordaland Revisjonsdistrikt §27 som vert avvikla er eigarkommunane sitt ansvar, men skal administrerast av Vestlandsrevisjon IKS for tidlegare eigarar.
5. Kommunestyret vedtek selskapsavtale som gjeld frå og med 1. januar 2020 (eksklusiv Meland og Radøy kommune).
6. Kommunestyret vel representant med varamedlemmer til selskapet sitt representantskap. Valperioden vil vara fram til nytt kommunestyre er konstituert og har gjort nye val til representantskapet for selskapet.
7. Kommunestyret vedtek å avvikle selskapa NHR IKS og IHR etter at det nye selskapet er vedtatt stifta.

### **Fellesnemnda:**

Etter innstilling frå kontrollutvala vedtok fellesnemndene for Ullensvang og Voss hausten 2018 å vidareføra interkommunal revisjonsordning med Indre Hordaland Revisjonsdistrikt §27 som den nye kommunen sin revisor jfr. inndelingslova §26 femte ledd fjerde punktum. Med mandat frå ordførarane i eigarkommunane til dei to interkommunale revisjonsselskapene om å arbeida for ei samanslåing er det planlagt eit nytt selskap. Det nye selskapet Vestlandsrevisjon IKS vil overta revisjonsoppdraget frå dei førre selskapene jfr. revisjonsforskrifta § 18 fyrste ledd.

Fellesnemnda for Ullensvang og Voss gjer eigne vedtak om å vidareføra revisor frå Indre Hordaland Revisjonsdistrikt til Vestlandsrevisjon IKS frå 1. januar 2020 for dei nye kommunane.

### **Orientering og innstilling i Kontrollutvala til samanslåingskommunane**

Kontrollutvalet skal orienterast om selskapsavtalane for det nye interkommunale revisjonsselskapet til eigarkommunane av Vestlandsrevisjon IKS.

Kontrollutvalet skal gjera ei innstilling til fellesnemnda om vidareføring av Vestlandsrevisjon IKS som revisor for den nye kommunen frå 1. januar 2020 (jfr. inndelingslova §26 femte ledd fjerde punktum.)

Aust-Agder fylkeskommune  
v/ Anne Kristin Lindseth  
Postboks 788 Stoa  
4809 ARENDAL

Deres ref

Vår ref

Dato

19/449-2

29. januar 2019

## Spørsmål om endring av selskapsavtale

Vi viser til henvendelse per telefon om endring av selskapsavtale i et IKS. Vi viser også til e-post 21. januar d.å.

Etter inndelingsloven § 16 gjelder det kortere frister for oppsigelse av deltagelse i et interkommunalt selskap og endring av selskapsavtalen ett år etter en grenseendring er gjennomført. Bestemmelsen må kunne sies å bygge på en forutsetning om at eierandelene i et IKS videreføres selv om deltakerne ikke har vedtatt endringer i selskapsavtalen før grenseendringen trer i kraft. Dette samsvarer med det ulovfestede kontinuitetsprinsippet i kontraktsretten. Det er derfor ikke nødvendig å foreta endringer av selskapsavtalen før grenseendringen gjennomføres.

At det ikke foretas noen endring i selskapsavtalen før etter sammenslåingen, innebærer at selskapsavtalen ikke reflekterer det reelle eierforholdet i IKS-et inntil selskapsavtalen endres. Kommuner og fylkeskommuner kan derfor ønske å foreta endringer i selskapsavtalen før grenseendringen gjennomføres med virkning fra iverksettingen av grenseendringen. Motargumentet mot en slik løsning er at den innebærer at de eksisterende kommunestyrene, som inngår i grenseendringen, forplikter det framtidige kommunestyret for den nye kommunen. På den annen side åpner inndelingsloven § 16 for at det nye kommunestyret får anledning til å vurdere deltagelse på nytt etter at grenseendringen er gjennomført. Dersom kommunene eller fylkeskommunene i et IKS ønsker å avklare dette på forhånd, er det derfor ikke tungtveiende grunner mot at det åpnes for en slik adgang. Departementet kan ikke se at det i regelverket er gitt andre begrensninger i adgangen til å endre selskapsavtalen før en grenseendring er gjennomført. Det vises for øvrig til at Foretaksregisteret skal ha akseptert framgangsmåten i en sak fra 2017 hvor selskapsavtalen ble endret før den nye kommunen var opprettet.

Deltakerne i et IKS kan dermed velge om endringer i selskapsavtalen skal vedtas før eller etter iverksettelsen av en grenseendringen. Dersom selskapsavtalen endres før grenseendringen gjennomføres, vil for eksempel endringen som vedtas i selskapsavtalen kunne tre i kraft samme dato som grenseendringen iverksettes.

Med hilsen

Siri Halvorsen (e.f.)  
avdelingsdirektør

Kristin Bjarke Pettersen  
seniorrådgiver

*Dokumentet er elektronisk signert og har derfor ikke håndskrevne signaturen*

**PS 22/19 Eventuelt**